

# Årsmelding

Vi utviklar Hordaland



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



2013

# Samfunnsoppdrag og verdier

## Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

## Kultur- og idrettsavdelinga

Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune utvikler eit rikt og mangfaldig kulturliv i Hordaland. Vi syter for at alle kan oppleve og ta del i tradisjonell og nyskapande kunst og kultur, idrett og fysisk aktivitet. Vi vernar kulturminna og tar vare på historia vår for framtida. I samarbeid med kommunar, institusjonar og frivillige utviklar vi kulturen og samfunnet.

## Opplæringsavdelinga

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov. Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.

## Samferdselsavdelinga

Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at fylket har eit funksjonelt transporttilbod med bil, bane, båt og buss. Vi driftar, planlegg og utviklar kollektivtilbodet og fylkesvegane for at folk skal reise trygt og miljøvenleg til jobb, skule og fritidsaktivitetar.

## Regionalavdelinga

Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune stimu-

lerer til nyskaping, vekst og sysselsetjing i Hordaland. Vi er ein pådrivar og støttespelar for kommunar og næringsliv, driv samfunnsutvikling og legg til rette for ei berekraftig forvaltning av naturressursane.

## Tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune gir tannhelsetenester til alle under tjue år. Vi behandlar menneske med psykisk utviklingshemming, mottakarar av heimesjukepleie, personar på institusjonar og rusavhengige. Vi har ein unik kompetanse som òg kjem vaksne betalende pasientar til gode. Gjennom førebyggjande arbeid og behandling legg vi grunnlag for god folkehelse i Hordaland.

## Organisasjonsavdelinga

Organisasjonsavdelinga har ansvar for at Hordaland fylkeskommune har ein tenleg organisasjon og kompetanse i høve til lovverk og samfunnsutvikling. Vi sørgjer for felles verktøy i organisasjonen og sikrar god kommunikasjon internt og eksternt.

## Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga har oversikt over Hordaland fylkeskommune sine ressursar og forvaltar fellesskapet sine verdier på ein ansvarleg måte. Vi tar hand om budsjett og rekneskap, sikrar gode rutinar ved innkjøp og tenlege lokale for alle verksemdene våre.

## Verdier for Hordaland fylkeskommune



Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag, skal òg kome framtidige generasjonar til gode.



Vi er ein pådrivar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.



Vi er i dialog med innbyggjarar, kommunar og andre samarbeidspartnarar.

# Innhald

Samfunnsoppdrag og verdiar .....	2
Innhald .....	3
Tidslinje 2013 .....	4
Vi utviklar Hordaland .....	6
Utvikling og tilpassing blir framtida .....	7
Godt økonomisk resultat .....	8
Nettverk og samhandling skapar utvikling .....	13
Miljørapport 2013 .....	21
Med kultur for utvikling .....	23
Utdanning for framtida .....	29
Vi utviklar samferdsel .....	35
God tannhelse for alle .....	43
Ein synleg fylkeskommune .....	46
Hordaland fylkesting .....	52
Kart over Hordaland .....	53
Organisasjonskart .....	54

## Om årsmeldinga 2013

Årsmelding 2013 viser resultat som er oppnådde i Hordaland fylkeskommune i løpet av året.

Årsmeldinga er eit fellesprodukt med bidrag frå alle avdelingar.

Årsmeldinga er også tilgjengeleg på internett: [www.hordaland.no/publikasjonar](http://www.hordaland.no/publikasjonar)

Ansvarleg: Fylkesrådmannen

Redaksjon: Seniorrådgjevar Hanne C. Dyrnes, informasjonssjef Stanley Hauge, seniorrådgjevar Brita Bøyum, seniorrådgjevar Helge Skurtveit, spesialrådgjevar Ingvar Skeie, fotograf Ann Steindal, førstekonsulent Geir Ketil Lien, senior kommunikasjonsrådgjevar Arild Sondre Sekse

Tekstgrunnlag: Avdelingane i fylkesadministrasjonen

Grafikk, oppsett, utforming: Kommunikasjonsseksjonen



Rosendal. Foto: Jostein Aksdal

## Tidslinje 2013

JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
 <p><b>30/1:</b> Meisterkock Ørjan Johannessen frå Austevoll vinn konkurransen om beste fiskerett under uoffisielt VM i kokkekunst i Frankrike. Noreg sitt lag kjem på 5. plass samla. Hordaland fylkeskommune har støtta Johannessen sine førebuingar.</p>  <p><b>23/1:</b> Skyss lanserer mobilapp for kjøp av billett i kollektivtrafikken.</p>	 <p><b>1/2:</b> Rune Haugsdal tiltrer som fylkesrådmann i Hordaland.</p>  <p><b>1/2:</b> Nyopprusta Bergen busstasjon vert teken i bruk.</p>	<p><b>12/3</b> Ny skulebruksplan blir vedteken.</p>  <p><b>27/3:</b> Markering av Hordalending nr. 500.000. Fylkesordføraren vitjar det første barnet fødd i fylket denne dagen. (Sjå side 50.)</p>	 <p><b>15/4:</b> Ny bussterminal opna ved Lagunen i Fana.</p>	 <p><b>27/5:</b> Norheimsund vinn Statens pris for mest attraktive stad i 2013. (Sjå side 19.)</p>	<p><b>17/6:</b> Tanks videregående skole vert seld for 34 millionar kroner.</p>  <p><b>21/6:</b> Bybanestrekninga Nesttun – Lagunen (2. byggjetrinn) vert opna.</p>





JULI

AUGUST

SEPTEMBER

OKTOBER

NOVEMBER

DESEMBER



**8/7:**  
Førsteinntak av elevar til vidaregåande skular



**10/8:**  
Lindås sjøsluser vert opna etter restaurering. (Sjå side 25.)



**17/9:**  
Hordaland sitt første vindkraftverk vert sett i drift i Fitjar kommune.



**17/8:**  
Hardangerbrua vert offisielt opna. (Sjå side 42.)



**3/10:**  
Miljøtiltak i fylkeskommunen sine bygg har redusert energibruken med 1 million kilowattimar



**4/11:**  
Markering av 50 år med bokbåten Epos (Sjå side 28.)



**13/12:**  
Fylkestinget seier ja til sal av reklame i kollektivtrafikken.



**13/12:**  
Ladestasjonar gjer det mogeleg å køyre elbil over heile Hordaland.

## Vi utviklar Hordaland



Dette er visjonen. Fylkeskommunen skal stadig utvikle Hordaland, og det har vi sett til gagns i 2013. Eg veit det, for ein hyggeleg del av jobben min er å markere når nye samfunnsbyggande prosjekt står klare til bruk.

Vi har sett at Hardangerbrua med tilførselsveggar i tunnel er opna. Fylkeskommunen sitt økonomiske bidrag gjorde dette prosjektet mogeleg. Eit landemerke over ingeniørkunst og samferdsel i Noreg. Reisetida mellom aust og vest minkar og vi bind nye delar av landet saman. Opninga var ein festdag for heile vestlandet.

Vi har sett at Bybanen Utbygging, fylkeskommunen sitt «jernbaneverk», har opna banetrasé frå Nesttun til Lagunen og unnagjort nok ein etappe. Skyss, fylkeskommunen sitt kollektivselskap, held i trådane og har fått mobilbillett og sanntidsinformasjon på plass - og talet på kollektivreisande med både bane og buss går jamt oppover.

Vi ser nye fylkesveggar. Det var ei glede for meg, saman med ordføraren i Bergen, å fyre av gjennombrøtsalva i del 2 av ringveg vest. Ringveg vest er del av samarbeidsprosjektet Bergensprogrammet der Hordaland Fylkeskommune, Bergen kommune og Statens Vegvesen samarbeider om betre infrastruktur for menneske og varer som skal frå A til B. Saman med bybaneutbygginga er dette eit av dei mest ambisiøse byutviklingsprosjektet i landet.

Vi ser ein ny skulebruksplan for vidaregåande skular, med sterkare fagmiljø, nye moderne skular og læringsmiljø med syn for elevane – dei som skal utvikle Hordaland og Noreg i framtida. Meir enn seks tusen ungdommar går ut av fylkeskommunen sine skular til arbeidsliv eller høgare utdanning kvart år.

Vi ser at kulturarv vert verna og sett i stand. Sjøslusene i Lindås, navlestreng for lokalsamfunna i femti år etter 1908, fungerer igjen - til glede for dei som enno hugsar, til læring for dei unge og med flotte opplevingar for båtfolket.

Vi ser at regionsentra vert utvikla. Vakre Norheimsund har, etter mangeårig samarbeid mellom kommune, innbyggjarar, næringsliv og fylkeskommune, vunne ry som Noreg sin mest attraktive stad i 2013. Fylkeskommunen gir millionar til slike prosjekt og leverer kompetanse i regionutvikling som ingen kommunar kan ta seg råd til lokalt.

Vi ser at tannhelsepasientar med angst eller som har vore utsette for tortur og overgrep får tilbod i eit nybrottsarbeid hjå Tannhelsetenesta sitt nye Kompetansesenter Vest. Samstundes går talet på hol i tennene jamt nedover blant alle born under 18 år. Mange tenkje ikkje over at det er fylkeskommunen som tek vare på borna i tannlegestolen.

Vi har ein diskusjon rundt kommunestruktur og offentleg forvaltning i Noreg. I den samanhengen er det fylkeskommunen si plikt å fortelje innbyggjarane kva pengane deira går til slik at vi får ein «informert debatt». Det eg har nemnt her bør bidra til det. Det skader heller ikkje at fylkesrådmannen melder om rekordoverskot i 2013. Det fortel meg at Hordaland fylkeskommune forvaltar midlar på ein framifrå god måte. Fylkeskommunen utviklar Hordaland.

Tenk på det neste gong du deltek i eit kommune- og fylkestingsval.

Tom-Christer Nilsen  
fylkesordfører

# Utvikling og tilpassing blir framtida



Tida vi lever i er generelt prega av endringar og raske taktskifte. 2013 har i tillegg gitt oss ny regjering i Noreg. Som fylkeskommune ser vi at rammevilkåra våre kan bli påverka av regjeringsskiftet. Slike utfordringar må vi møte i tråd med kjerneverdiane våre. Vi skal utføre samfunnsoppgåvene våre kompetent, offensivt og i dialog med lokale og nasjonale styresmakter, samarbeidspartar og tilsette. Samstundes skal vi medverke aktivt til at endringar som kjem blir gode for innbyggjarane i fylket vårt

Bergen kommune har reist spørsmålet om forvaltning av kulturminne og drift av vidaregåande skular bør løysast på kommunalt nivå. Som fylkeskommune har vi sagt at det vil vere rimeleg å avklare dei prinsipielle spørsmåla om kommunesamanslåing, eller eventuelt etablering av større regionfylke, før ein set i verk tiltak av ein slik storleik. Vi har uansett ein konstruktiv dialog med Bergen og andre kommunar om slike problemstillingar.

I 2013 har vi sett mange gode resultat av det utviklingsarbeidet fylkeskommunen står for i Hordaland. Hardangerbrua vart opna, ny skulebruksplan vart vedteken, Bybanen vart sett i trafikk frå Nesttun til Lagunen, kulturhistoriske Lindås sjøsluser vart ferdig restaurert, Norheimsund vann Statens pris for stadutvikling, bokbåten Epos passerte femti år i teneste for lesing i distrikta, og bygging av ladestasjonar sikra at elbil kan brukast over heile Hordaland. Dette er berre nokre av milepælane vi noterer oss som suksessar det siste året.

I 2013 etablerte vi også eigne informasjonskonferansar for nyttilsette i Hordaland fylkeskommune. Om lag 300 nye medarbeidarar kvart år får bruke ein dag saman med fylkesordførar, fylkesrådmann og andre leiarar og kollegaer, for å stille kompasset inn mot overordna samfunnsoppgdrag, visjon og verdier. Skal vi nå måla våre, må alle på laget vite kvar vi skal.

Vi kan òg glede oss over eit godt økonomisk resultat. Rekneskapan for 2013 viser eit rekordoverskot på 130 millionar kroner. Dette er 59 millionar kroner betre enn i 2012. God skatteinngang og god økonomistyring er dei viktigaste faktorane bak det gode resultatet. Dei fleste økonomiske indikatorane viste positiv framgang i 2013. Investeringane var rekordhøge og vil vere på eit svært høgt nivå også dei komande åra. Dei høge investeringane, med påfølgande sterk vekst i rente- og avdragsutgiftene, gjev utfordringar for driftsnivået i fylkeskommunen framover.

Oppdraget vårt er å utvikle Hordaland. Utvikling og tilpassing skapar nye mulegheiter!

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

# Godt økonomisk resultat

Driftsrekneskapen for 2013 kom ut med eit rekordoverskot på 130,3 mill. kr. God skatteinngang og god økonomistyring er viktigaste faktorane bak det gode resultatet. Investeringane var rekordhøge, i overkant av 3 mrd. kr. Lågt rentenivå gjer at det likevel ikkje var nemnande vekst i renteutgiftene dette året.

## Driftsrekneskap

		Reknesk. 2010	Reknesk. 2011	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Budsjett 2013
+	Skatt	2 239,7	2 383,1	2 594,3	2 771,8	2 665,2
+	Rammetilskot	2 501,3	2 552,2	2 613,0	2 686,1	2 710,6
+	Driftsinnt. ekskl. renter	1 639,9	2 105,4	2 104,5	2 489,2	1 990,8
=	Sum driftsinntekter	6 380,9	7 040,7	7 311,8	7 947,1	7 366,6
-	Sum driftsutgifter (ekskl. avskr.)	5 795,3	6 477,1	6 684,0	6 985,5	6 646,6
=	Brutto driftsresultat	585,6	563,6	627,8	961,6	720,0
+	Renteinntekter	36,3	41,1	54,6	47,8	34,9
-	Renteutgifter	119,4	159,0	202,4	203,9	224,0
-	Avdrag	151,5	198,0	238,0	279,0	279,0
=	Netto driftsresultat	351,0	247,7	242,0	526,5	251,9
-	Til ubundne avsetjingar	65,5	36,5	50,3	118,9	57,2
-	Til bundne avsetjingar	163,6	237,6	121,5	80,9	0,0
+	Bruk av ubundne avsetjingar	33,1	78,2	31,2	115,2	87,1
+	Bruk av bundne avsetjingar	152,8	129,1	119,3	74,2	104,1
-	Driftsmidl. til investeringar	307,8	173,6	149,3	385,8	385,9
=	Rekneskapsm. meir-/ mindreforbr.	0,0	7,3	71,4	130,3	0,0

Tal i mill. kr.

## Netto driftsresultat


Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Netto driftsresultat auka kraftig i 2013 til 526,5 mill. kr, eller 6,6 % av driftsinntektene.

Auken har for ein stor del si årsak i endra momsreglar for veginvesteringar. Momskompensasjon frå investeringar er i 2013 ført i driftsrekneskapen. Frå 2014 vert dette lagt om, slik at momskompensasjon frå investeringar skal førast direkte i investeringsrekneskapen.

Momskompensasjon frå investeringar utgjorde 367,1 mill. kr i 2013. Om ein held denne summen utanfor, vert netto driftsresultat 2,1 %.

Førebels tal for landet viser auke i netto driftsresultat frå 5,2 % til 6,0 %. Hordaland fylkeskommune har dermed plassert seg litt over landsgjennomsnittet i 2013. I perioden 2007 til 2012 har Hordaland hatt lågare netto driftsresultat enn landsgjennomsnittet.

## Netto resultatgrad fylkeskommunar



Diagrammet syner netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter



## Driftsutgifter spesifisert sektorvis

	2012	2013	Endring
Kultur og idrett	286,3	323,4	13,0 %
Opplæring	2 863,0	2 991,8	4,5 %
Tannhelse	277,6	305,2	9,9 %
Samferdsel	2 435,6	2 566,3	5,4 %
Regional utvikling	273,3	217,9	-20,3 %
Politiske organ og adm.	336,4	351,0	4,3 %
Fellesfunksjonar m.m.	211,8	229,9	8,5 %
Sum	6 684,0	6 985,5	4,5 %

Tabellen gjev nærare spesifisering av driftsutgifter fordelt på sektor.


Sum driftsutgifter auka med 4,5 % frå 2012 til 2013. Teknisk beregningsutvalg rekna i novemberrapporten med ein løns- og prisauke for kommunesektoren på 3 %. Ut frå dette har fylkeskommunen hatt ein realvekst i driftsutgiftene på 1,5 %.

Dei to sektorane som hadde størst prosentvis vekst i brutto driftsutgifter var kultur (13,0%) og tannhelse (9,9%). Veksten innan tannhelsetenesta har si årsak i drift av Kompetansesenteret, som starta hausten 2012.

Regional utvikling syner nedgang i brutto driftsutgifter. Hovudforklaringa på dette er først og fremst at fylkeskommunen i 2012 var ferdig med utbetalingane av tilskot til Hardangerbrua.

## Renter og avdrag

Avdraga auka med 41 mill. kr i 2013 til 279 mill. kr. Brutto renteutgifter var på 203,9 mill. kr. På grunn av noko fallande rentenivå, vart auken frå 2012 ikkje meir enn 1,5 mill. kr.



## Budsjettavvik

	2012	2013
Skatt og rammetilskot	134,8	82,1
Kultur og idrett	0,7	2,4
Opplæring	-32,7	18,9
Tannhelse	0,0	0,0
Samferdsel	-53,2	-18,7
Regional utvikling	0,2	1,9
Politiske organ og adm.	16,0	16,5
Fellsefunksjonar m.m.	5,8	13,6
Konsesjonskraft	-15,3	7,0
Lønsavsetjing og premieavvik	17,8	-2,5
Renter	-25,3	15,4
Momskomp. frå investeringar	22,6	-6,3
Overskot	71,4	130,3

Tal i mill. kr + Innsparing - Overskriding

Tabellen gjev ein spesifisering av avvik mellom rekneskap og budsjett. Summen av avvik er lik det rekneskapsmessige overskotet på 130,3 mill. kr.

I skatt og rammetilskot kom det inn 82,1 mill. kr meir enn budsjettet. Skatteinntektene auka med 6,8 % i Hordaland, medan gjennomsnittet for fylkeskommunane var 5,7 %.

Elles har det vore jamt over god økonomistyring. Dei fleste einingar hadde balanse eller små innsparingar. Ikkje minst har dei vidaregåande skulane kome betre ut enn forventa i 2013. Dette gjer at opplæringssektoren samla viser ei innsparing på 18,9 mill. kr.

Samferdselssektoren, som har hatt store budsjettoverskriddingar på kollektivtrafikken dei siste åra, er også nær balanse i drifta for 2013.

Netto renteutgifter viste innsparing på 15,4 mill. kr pga. lågare rentenivå enn føresett i budsjettet.

Diagrammet viser korleis brutto driftsutgifter fordeler seg på dei ulike sektorane



## Investeringar

	Reknesk. 2010	Reknesk. 2011	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Budsjett 2013
Kultur og idrett	0,2	0,1	1,5	1,6	0,4
Opplæring	437,8	422,0	417,6	443,0	447,6
Tannhelse	11,6	14,4	21,6	28,1	25,0
Samferdsel	1 820,7	1 901,6	2 094,3	2 545,4	2 373,0
Politiske organ og adm.	21,4	7,9	2,8	7,7	10,0
Fellesfunksjonar m.m.	12,9	34,3	48,0	69,7	75,0
Sum inv. i eigedomar og utstyr	2 304,6	2 380,3	2 585,8	3 095,5	2 931,0
Aksjar og utlån	134,9	23,9	42,2	73,4	66,3
Avsetjingar	60,0	42,3	72,2	29,3	5,0
Årets finansieringsbehov	2 499,5	2 446,5	2 700,2	3 198,2	3 002,3
Bruk av lånemidlar	1 368,5	1 239,7	1 064,3	1 010,3	1 168,0
Inntekt frå sal av anleggsmidl. m.m.	59,5	28,8	65,2	69,1	5,0
Avdrag på utlån / sal av aksjar	28,6	12,5	31,0	19,2	
Bompengar	580,6	816,6	969,5	1 306,8	1 039,0
Tilskot og forskotteringar m.m.	149,3	151,6	368,3	343,9	364,8
Overført frå driftsrekneskapen	307,8	173,6	149,3	385,8	385,9
Bruk av avsetjingar	5,3	23,7	52,6	63,1	39,6
Sum finansiering	2 499,5	2 446,5	2 700,2	3 198,2	3 002,3

Tal i mill. kr

Det vart investert for 3 095,5 mill. kr i eigedomar og utstyr i 2013. Investeringane i samferdselssektoren utgjorde 82,2 % av totalen.

Investeringar i vegar var på 1 411,5 mill. kr. Dei største prosjekta var Ringveg Vest, byggetrinn 2 (428,7 mill. kr) og tunnel bak Tysse (216,2 mill. kr). Til bybanen gjekk det med totalt 1 049,8 mill. kr.

Investeringane innan opplæringssektoren var på 443 mill. kr. Største prosjekta var Amalie Skram vgs. med eit forbruk på 220,6 mill. kr og tilbygg / rehabilitering ved Årstad vgs. med 100,4 mill. kr.

Bompengar (1,3 mrd. kr) og lån (1,0 mrd. kr) var viktigaste finansieringskjeldene for investeringane i 2013.



Ein av fylkeskommunen sine største investeringar i 2013 var bygging av Amalie Skram videregående skole. Foto: Stanley Hauge

## Balanse

		2010	2011	2012	2013
Anleggsmidler	Faste eiendomar	6 085,5	8 093,9	10 247,5	12 696,1
	Utstyr, maskiner, transportmidl.	661,3	697,0	745,0	928,6
	Aksjar, andelar, utlån	358,0	347,4	353,1	393,2
	Pensjonsmidlar	4 232,7	3 666,6	3 893,3	4 022,0
	Sum anleggsmidler	11 337,5	12 804,9	15 238,9	18 039,9
Omløpsmidlar	Kortsiktige fordringar m.m.	425,8	727,7	441,7	698,0
	Premieavvik	292,9	334,4	365,7	362,1
	Kasse, bank	684,8	751,4	1 275,8	1 159,7
	Sum omløpsmidlar	1 403,5	1 813,5	2 083,2	2 219,8
	Sum egedelar	12 741,0	14 618,4	17 322,1	20 259,7
Eigenkapital	Bundne fond	460,1	599,4	590,0	604,8
	Frie fond	297,6	243,7	301,3	334,6
	Rekneskapsmessig mindreforbr.	0,0	7,3	71,4	130,3
	Annan eigenkapital	1 946,1	2 652,7	3 864,8	5 644,8
	Sum eigenkapital	2 703,8	3 503,1	4 827,5	6 714,5
Gjeld	Langsiktige lån	4 585,9	5 614,7	6 559,8	7 283,8
	Pensjonsforpliktingar	4 711,4	4 419,9	4 840,5	5 147,3
	Sum langsiktig gjeld	9 297,3	10 034,6	11 400,3	12 431,1
	Kortsiktig gjeld	739,9	1 080,7	1 094,3	1 114,1
	Sum gjeld	10 037,2	11 115,3	12 494,6	13 545,2
Sum gjeld og eigenkapital		12 741,0	14 618,4	17 322,1	20 259,7

Tal i mill. kr

Balansen gjev oversyn over fylkeskommunen sine egedelar og gjeld.

Bokført verdi av eiendomar og utstyr har auka med over 2 mrd. kr kvart år, noko som avspeglar det høge investeringsnivået.

Bankinnskot utgjorde 1 159,7 mill. kr, mot 1 275,8 mill. kr ved førre årsskifte.

Ulike typar fond summerer seg til 939,4 mill. kr.

Langsiktig gjeld (utanom pensjonsforpliktingar) utgjorde 7 283,8 mill. kr ved utgangen av 2013, mot 6 559,8 mill. kr i 2012.


## Pensjonskostnad og premieavvik

Det er avvik mellom pensjonskostnaden som vert belasta rekneskapen og betalt premie. Avviket vert kalla premieavvik. Mange har vore kritiske til denne måten å føre pensjonskostnader i kommunerekneskapen, sidan akkumulert premieavvik har auka år for år. Dette er i realiteten ein måte å skyve kostnader framfor seg.

Akkumulert premieavvik svarer no til om lag pensjonskostnaden for eit år. Bokført pensjonskostnad i 2013, inklusive arbeidsgjevaravgift, var 369 mill. kr, medan akkumulert premieavvik var 362 mill. kr.

For Hordaland fylkeskommune kan det no sjå ut til at auken i akkumulert premieavvik er i ferd med å stoppa opp. Akkumulert premieavvik vert amortisert over 15 år (10 år for avvik som har oppstått frå og med 2011).

Grafen nedanfor viser utviklinga i akkumulert premieavvik sidan 2003.



## Kommune-Stat-Rapportering - KOSTRA

	Hordaland				Rogaland	Landet u/ Oslo
	2010	2011	2012	2013	2013	2013
<b>Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsinnt.</b>						
Netto driftsresultat	5,5	3,5	3,3	6,6	7,7	6,0
Avdragsutgifter netto	2,4	2,8	3,3	3,5	2,2	2,8
Renteutgifter netto	1,3	1,7	2,0	2,0	1,5	0,0
Netto lånegjeld	65,0	73,5	81,7	83,6	64,2	51,0
Arbeidskapital	5,8	5,7	8,5	9,4	6,2	11,7
<b>Finansielle nøkkeltal i kroner pr. innbyggjar</b>						
Brutto driftsutgifter	12 391	13 791	14 104	14 657	12 549	14 542
Brutto driftsinntekter	13 177	14 352	14 679	15 729	13 427	15 237
Frie inntekter	9 791	10 060	10 454	10 802	9 726	11 231
Netto lånegjeld	8 563	10 552	11 987	13 155	8 624	7 765
<b>Fordeling av brutto driftsutgifter (prosent)</b>						
Adm, styring og fellesutg.	4,2	3,9	4,1	3,9	4,9	4,9
Vidaregåande opplæring	46,9	42,9	43,2	42,5	49,8	46,0
Tannhelsetenesta	4,1	3,8	3,8	4,0	5,0	4,4
Fys. planl./kult.minne/natur/ nærmiljø	2,3	2,7	2,6	2,1	2,1	2,3
Kultur	3,7	3,0	3,3	3,4	3,7	4,0
Samferdsel	32,6	38,1	37,2	37,4	28,1	28,6
Næring	3,7	2,7	2,8	2,5	2,0	4,2

Kommune-Stat-Rapportering er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Statistisk Sentralbyrå offentliggjorde 17. mars ureviderte tal for 2013. Reviderte tal vil bli lagt ut 16. juni.

I tabellen er vist nokre nøkkeltal, der Hordaland fylkeskommune vert samanlikna med Rogaland fylkeskommune og gjennomsnittet for fylkeskommunane (utanom Oslo).

Hordaland har langsiktig gjeld som er ein god del høgare enn landsgjennomsnittet. Avdraga ligg ikkje så mykje over gjennomsnittet, men når ein ser på renteutgifter, er det stor skilnad. Fleire fylkeskommunar har utbytte og renteinntekter som overstig renteutgiftene. Landsgjennomsnittet viser

netto renteutgifter på 0% av brutto driftsinntekter, medan Hordaland har netto renteutgifter på 2,0%.

Arbeidskapital er eit mål på likviditeten. Talet for Hordaland ligg noko under landsgjennomsnittet, men vert likevel vurdert til å vera tilfredsstillande.

Hordaland fylkeskommune ligg så vidt over landsgjennomsnittet når ein ser på brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter per innbyggjar.

Om ein ser på fordelinga av brutto driftsutgifter mellom ulike sektorar, er det samferdsel som skil seg ut. Hordaland brukar ein god del meir til samferdsel enn landsgjennomsnittet.



# Nettverk og samhandling skapar utvikling

Viktige planar og strategiar vart utarbeidd i 2013, og mange store planprosjekt vart påbyrja. Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 vart vedtatt, rullering av klimaplanen vart nær fullført, og eit stort arbeid har starta med Hordaland sin første regionale plan for folkehelse. Hordaland fylkeskommune har også fått ny strategi for det internasjonale arbeidet.

	2010	2011	2012	2013	Avvik netto rekneskap - budsjett 2013
Regionalavdelinga drift	8,5	9,2	9,5	11,1	0,9
Nærings- og lokal samfunnsutvikling	201,3	200,1	187,9	149,9	-0,2
Regional planlegging	8	9,9	11,7	15,2	0,3
Klima- og naturressursforvaltning	12,2	18,6	16,4	17,3	-0,9
Forsking	36,8	41,1	35,8	35	
Folkehelsearbeid	3,5	6,1	5,5	6,6	
Internasjonale samarbeid	7	6,2	7,3	6	1,4
Regionale utviklingsprosjekt	12,6	19,6	9	10,4	
Sum	289,9	310,8	283,1	251,5	1,5

Tal i millionar kroner. Laupande prisar. Bruk og avsetjing til fond er inkludert i tala ovanfor. Utgifter dekkja inn gjennom bidrag frå eksterne samarbeidspartnarar er også inkludert.

Brutto driftsutgifter til regional utvikling var 251,5 mill. kr i 2013. Reduksjonen i driftsutgifter knytt til nærings- og lokalsamfunnsutvikling, skuldast i hovudsak at utbetalingar til næringsretta utviklingstiltak (kompensasjonsmidlar) var

lågare enn budsjettert. Tildeling av midlar til einskildprosjekt skjer etter ein samla årleg plan for kompensasjonsmidlane, som blir utarbeidd av ei eiga styringsgruppe og godkjent av fylkesutvalet. Som følgje av forseinkingar i arbeidet med planen i styringsgruppa, fekk ikkje fylkesutvalet planen til godkjenning før i februar 2014. Desse midlane vil bli utbetalte i 2014, slik at ein ventar tilsvarende auke i driftsutgiftene på dette området då. Sum løyvde midlar til nærings- og lokalsamfunnsutvikling var høgare i 2013 enn i 2012 (sjå eigen tabell nedanfor).



Foto: Geir K Lien

## Regional og kommunal planlegging

### Regionale planar

Regionalavdelinga har eit overordna ansvar for regional planlegging i fylkeskommunen, og 2013 var eit år med svært høg aktivitet med regionale planar. Ved årsskifte til 2014 var ti regionale planar under arbeid. Av desse ligg åtte planar under Regionalavdelinga. Avdelinga bidreg i dei andre planprosessane i form av rettleiing, koordinering og kompetanseheving.

Dei regionale planane gjeld for både regional og kommunal forvaltning. Nokre av planane vil kunne ha arealpolitiske retningslinjer. Det gjeld regional plan for attraktive senter i Hordaland, Regional plan for samordna areal og transport i Bergensområdet og regional plan for kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger. I 2013 blei det arbeidd vidare med politisk forankring, samlingar, utgreiingar og innspelsrundar.

Regional plan for:	Fase	Ansvarleg avdeling
Folkehelse	Høyring av planforslag avslutta	Regionalavdelinga
Nordfjella*	Høyring av planforslag avslutta	Regionalavdelinga
Samordna areal- og transport i Bergensområdet	Utarbeiding av planforslag	Regionalavdelinga
Haugalandet*	Utarbeiding av planforslag	Regionalavdelinga
Kulturplan	Utarbeiding av planforslag	Kultur- og idrettsavdelinga
Attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, teneste og handel	Utarbeiding av planforslag	Regionalavdelinga
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	Utarbeiding av planforslag	Regionalavdelinga
Forvaltingsplan for vatn	Utarbeiding av planforslag	Regionalavdelinga
Klimaplan	Utarbeiding av planforslag	Regionalavdelinga
Godshamn i Bergensområdet	Høyring av revidert planprogram avslutta	Samferdselsavdelinga
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei*	Vedtatt i 2013	Regionalavdelinga
Næringsplan	Vedtatt i 2013	Regionalavdelinga

\* Regionale planarbeid som Hordaland fylkeskommune medverkar i, men der hovudansvaret ligg til ein annan fylkeskommune.

### Kommunal planlegging

Fylkeskommunen skal ivareta regionale interesser i regionale plansaker – det vil seie sjå til at interesser knytt til fylkeskommunens forvaltingsansvar og tema i regionale planar er sikra i arealplanar på høyring. I 2013 vart det gitt fråsegner til omlag 268 reguleringsforslag. Dette er ein klår oppgang frå 2012.

### Kommunale planar

	2009	2010	2011	2012	2013
Kommune(del)plan	15	4	14	15	5
Reguleringsplan	272	272	247	187	268

Kultur- og ressursutvalet handsamar alle kommuneplanar og kommunedelplanar med arealdel, i tillegg til reguleringsplanar der det er tilrådd motsegn. Talet på politisk handsama planar gjekk ned frå 25 til 16 i 2013. Det kan ha samanheng med at talet på kommune(del)planar på høyring også gjekk ned.

Kultur- og ressursutvalet vedtok motsegn til sju detaljreguleringsplanar og fem kommuneplanar. Motsegnene var knytt til tema som kulturminne, areal- og transportplanlegging, samferdsel, friluftsliv og handel.

### Planretteiing

Fylkeskommunen skal rettlege kommunane i planleggingsoppgåver etter plan- og bygningslova. Dette vert gjort både gjennom fråsegner til kommunale planar, og med faste fora retta mot kommuneplanleggarar.

Dei viktigaste fora for planretteiing er:

Plankonferansen hadde tema «Fellesinteresser og eigarinteresser i planlegging – kart som premiss og produkt», og samla om lag 270 deltakarar. Høgskulen i Bergen og Statens Kartverk var sentrale bidragsytarar.

Plannettverkssamlingar for kommunale planleggjarar og tilsette i regionale organ. Det vart i 2013 halde fire plannettverkssamlingar. I Regionalt planforum møtast kommunar og regionale etatar for å diskutere konkret planarbeid. I tillegg til den vanlege rettlegeinga, har Hordaland fylkeskommune jobba opp mot Høgskulen i Bergen og andre utdanningsinstitusjonar for å etablere ein erfaringsbasert mastergrad i planlegging.

### Tettstadutvikling

Fylkeskommunen samarbeidde i 2013 med ei rekkje kommunar om sentrumsutvikling, og formidla tilskot m.a. til analyser, planlegging og realisering av fysiske prosjekt. Tettstadskonferansen vart halden på Voss i april, med «Bustader i sentrum» som tema, og fekk rekordstor deltaking med om lag 200 deltakarar. Fleire kommunar har i ettertid aktivert sitt arbeid med stadutvikling.

I mai vart Norheimsund tildelt «Statens pris for attraktiv stad», etter hard konkurranse med 155 andre kommunesentra i landet. Dette var ein vel fortent pris etter om lag 20 års arbeid med utvikling av sentrum.

### Tilskot til planlegging og tettstadsutvikling

Fylkeskommunen har løyvt 1.5 mill. kr frå Regionalt utviklingsprogram til realisering av Strandvegen i Norheimsund og 150 000 kr til planlegging av Stasjonsområdet i Granvin.

Frå «Partnerskap for kommune- og tettstadsplanlegging» har fylkeskommunen løyvt 522 000 kr til Os (stadanalyse), Knarvik (kvalitetsprogram), Granvin (utviklingsstudie), Leirvik (gangbar tettstad) og Sveio (kulturminneplan).

### Nærings- og samfunnsutvikling

I 2013 løyvde fylkeskommunen vel 166 mill. kr til prosjekt innanfor nærings- og samfunnsutvikling. 78,7 mill. kr var knytt til budsjettet Regionalt utviklingsprogram (RUP), medan 87,3 mill. kr gjeld andre postar på fylkeskommunen sitt budsjett. Store delar av midlane er sett av til vedtekne føremål, medan rundt 29 mill. kr disponerast til prosjektstøtte.

### Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 vart vedtatt i juni 2013 og er det overordna styringsdokumentet for bruken av næringsretta verkemiddel i Hordaland. Planen presenterer tre hovudstrategiar for å imøtekomme viktige utfordringar for næringslivet: meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med meir relevant kompetanse og ein vel fungerande bergensregion og attraktive regionale senter.

### Prosjektsamarbeid og løyvingar

Innan tilrettelegging for næringsutvikling utløyste midlane

frå fylkeskommunen rundt 150 mill. kr i anna prosjektfinansiering. Dei fleste prosjekta er knytt til dei overordna strategiane og retta mot næringane energi, marin, maritim, reiseliv, kultur og landbruk.

«Aktiv heile året» samlar reiselivsaktørar på tvers av fylkes- og kommunegrensar til samarbeid om m. a. utvikling av aktivitetar som kan seljast, marknadsføring og kompetanseheving. Aktørar frå Hardanger, Flåm og Voss har som mål å utvikle felles pakkeløysingar av høg kvalitet, som kan verte tilbydd året rundt, og har i 2013 utvikla fleire felles reiselivsprodukt.

Klyngeutviklings- og forskingsprogram er ei viktig satsing for fylkeskommunen, og det er gitt støtte til aktørar som ønskjer å kartlegge moglegheitene for å ta del i nasjonale program som SFI, Arena, NCE og GCE. I 2013 vart mellom anna DesignArena etablert og MediArena, NCE Tourism og NCE Subsea fekk forlengta finansiering frå Arena og NCE-programma.

For å stimulere til entreprenørskap, støttar fylkeskommunen mellom anna gründermiljø som Connect Vest og Nyskapingsparken, og Oppfinnarprisen som i 2013 for første gong hadde ein kvinnelig vinnar. Voss næringshage vart opna i 2013, og det er løyvd midlar til utgreiing om potensielle nye næringshagar i fylket.

Fylkeskommunen løyvde kring 3,7 mill. kr til programmet «Lokal samfunnsutvikling i kommunane». I 2013 har hovudaktivitetane vore kompetanseheving og nettverksutvikling, studietur til Skottland for samfunnsutviklarar i Hordaland og å nå ut med programmet LivOGLyst til alle kommunar i fylket. Det er mellom anna gjennomført kurs i samfunnsentreprenørskap og tatt opp sju nye LivOgLyst-prosjekt, kor av to er i nye kommunar.

I samarbeid med bondeorganisasjonane, Fylkesmannen og Innovasjon Noreg har fylkeskommunen utarbeidd ein landbruksstrategi retta mot rekruttering i landbruket, som skal handsamast politisk våren 2014.

## Vyar for framtida

Regionalavdelinga skal ta ei sentral rolle som pådrivar og initiativtakar for å møte utfordringar som er knytt til regional utvikling, næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling i heile fylket. Viktige arbeidsmål i 2014 er:

- Følgje opp handlingsprogrammet (HNN 2014) til regional næringsplan for Hordaland 2014-2017
  - Støtte strategisk viktige organisasjonar og tiltak. Gjennomgang og oppfølging av driftsstøtte til NGOer og prosjekter.
  - Utvikle kvalitetsmål for «gode» prosjekt og tiltak.
- Halde oppe tempo i planarbeidet
  - «Bergensområdet – ein berekraftig vekstregion» Kunnskapsgrunnlag ferdig til regional plan for Bergensområdet.
  - «Attraktive regionale sentra - samordna regional satsing».
  - Klimaplan for Hordaland. Vedtak og oppfølging av Handlingsplan.
  - Regional plan for folkehelse. Realisere handlingsprogram for 2014.
- Gjennomføre klima- og miljøtsatsingar.
  - Nå sette målsettingar i arbeidet med klima og miljøstyring.
  - Vidareutvikle infrastruktur for nullutslepps-bilar.
- Kunnskapsbasert samarbeid med kommunane i Hordaland
  - «Statistikk, kartdata og analysar, planlegging og strategisk utvikling». - Samarbeid med kommunane om relevant kunnskapsgrunnlag for planlegging.
  - Vidareutvikle samarbeidet med kommunane om prosjektutvikling, næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling.

### Totale løyvingar til nærings- og samfunnsutvikling 2013

Regionalt utviklingsprogram 2013	Kommentarar	Sum (kr)
A Bedriftsretta verkemiddel	Forvalta av Innovasjon Noreg	35 000 000
B Tilrettelegging for næringsutvikling	Forvalta av Hordaland fylkeskommune	28 834 069
C Regionale næringsfond	Forvalta av regionråda	10 800 000
D Omstilling og nyskaping	Forvalta av Hordaland fylkeskommune	3 275 000
E Utsette kommunar	Forvalta av Hordaland fylkeskommune (Gjeld Granvin og Ulvik)	800 000
Samla løyvingar over RUP budsjettet		78 709 069
Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift	Forvalta i tråd me eigen handlingsplan utarbeidd av ei regional styringsgruppe og godkjend av fylkesutvalet	48 300 000
Breibandsmidlar	Forvalta av Hordaland fylkeskommune	14 500 000
Landbruksmidlar	Forvalta av fylkeskommunen i samarbeid med aktørane i landbrukssektoren	1 203 000
Lokalsamfunnsutvikling utanom RUP	LUK-satsinga inkludert Kom-an.no, LivOGLyst og Kommuneprosjektet	3 765 000
Andre fylkeskommunale midlar til næringsføremål	Clean North Sea Shipping	1 250 000
	Oppfinnarprisen, Næringsbarometeret, stipendiatstilling HiB	786 000
	Prosjekt/institusjonar med mellombelse driftstilskot	17 582 000
Samla løyvingar utanom RUP		87 386 000
<b>Totalt til nærings- og samfunnsutvikling</b>		<b>166 095 069</b>





Rundkøyninga i Butunnelen ved Hardangerbrua. Dette riksveganlegget medverkar til regional utvikling i Hordaland. Foto: Geir Brekke, Statens vegvesen

### Næringsretta utviklingstiltak

I 2013 tildelte fylkeskommunen 48,3 mill. kr frå ordninga «Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift». Midlane går til ulike tiltak og prosjekt innan regional utvikling i dei sju kommunane som er omfatta av ordninga (Etne, Bømlo, Jondal, Kvinnherad, Kvam, Tysnes og Modalen). Døme på tiltak er etablering av eit teknisk utdanningstilbod i Sunnhordland for personell i leverandørindustrien, Ferjefri kyststamveg E-39 og Folgefonnsenteret.

### Breiband

Hordaland fylkeskommune har gjennom tilskotsordninga «Breiband i Hordaland», fordelt 14,5 mill. kr til 13 ulike breibandprosjekt. Midlane har medverka til å realisere fiberbasert breiband med høg kvalitet i område som elles ikkje ville vorte utbygd. Tilskota frå Hordaland fylkeskommune utgjer i snitt litt under halvparten av prosjektkostnadene.

### Internasjonale næringsretta prosjekt

Clean North Sea Shipping/ INTERREG IVB er eit tverrsektorielt engasjement som fokuserer på miljø- og klimagassutslipp frå skip, m.a. ved å kartlegge luftkvaliteten i hamner og hamneområder. CNSS vert avslutta i 2014, med innspel til EU-kommisjonen om framtidige retningslinjer for internasjonal skipsfart.

Eco regions/INTERREG IVC dreier seg om øko-innovasjon og grøn teknologi, spesielt knytt til små og mellomstore bedrifter, der føremålet er å lære av gode døme hjå våre elleve europeiske partnerar.

Craft International vart overført frå Kultur- og idrettsavdelinga til Regionalavdelinga frå årsskiftet. Syse Fruktgard i Ulvik og Hillesvåg Ullvarefabrikk på Lindås vart utvikla til nye Economusee i 2013, og det er inngått samarbeid med Rogaland fylkeskommune for å utvikle to Economusee i Stavanger. Det vert arbeidd med å få på plass ein nasjonal

organisasjon for Economusee, etter at EU-prosjektet vert avslutta i 2014.

### Tilskot til regionale utviklingsprosjekt

Det er gitt investeringstilskot til Lindehuset i Odda, Fargriet i Strusshamn i Askøy kommune, Folgefonnsenteret og Ullensvang fleirbrukshall. Prosjekta skal bidra til auka regional aktivitet og attraktivitet.

## Folkehelse

Utkast til Hordalands sin første regionale plan for folkehelse, med handlingsprogram, vart ferdigstilt og sendt til høyring frå fylkesutvalet i november. Planen legg vekt på heilskaplig folkehelse og universell utforming. Visjonen for folkehelsearbeidet er: «Fleire gode leveår for alle». Regional plan for folkehelse vart presentert på tre høyringsmøter og for fylkeskommunale råd, partnerskapet og andre instansar.

Partnerskap er ein viktig del av organiseringa av folkehelsearbeidet. Medlemmene i partnerskapet skal setje folkehelsearbeidet på agendaen i eigen organisasjon og dele erfaringar i samarbeid. I 2013 er 23 kommunar og fem organisasjonar medlemmer. Hovudtema har vore å fremje folkehelse i planstrategiar, arbeid med helseoversikt og kunnskapsløft om ny folkehelsemelding. Ein ny modell for organisering av det framtidige partnerskapsarbeidet er utvikla og lagt inn i høyringsutkastet til regional plan for folkehelse. Hordaland deltek i det nasjonale prosjektet "Fiskesprell", der tilsette i barnehagar vert kursa om verdien av sjømat. Føremålet er å etablere gode levevanar hos barn i tidlig alder. 65 % av barnehagane i fylket har delteke ved utgangen av 2013. Hordaland fylkeskommune deltek i eit to-års nærmiljøprosjekt «Helsefremmande nærmiljøkvalitetar for SFO»



i regi av Helsedirektoratet, saman med Høgskulen i Bergen. Åtte skular/SFO-ordningar i tre kommunar er med frå Hordaland. Deltakarane vil få kompetanse og rettleiing i å kartlegge og vidareutvikle forhold knytt til eigen SFO. Det vil verte lagt spesiell vekt på kosthald, fysisk aktivitet og å inkludere alle.

## Forskning og VRI

Regionalt forskingsfond Vestlandet skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling, og tildeler kvart år om lag 30 mill. kr til forskingsprosjekt. Fondet omfattar Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane, og Hordaland fylkeskommune er vertsfylke.

Interessa for forskingsfondet har vakse i 2013, med noko auka søknadsmasse i høve til førre året. Særleg er det auka interesse for forskingsarbeid innan kommunal sektor på Vestlandet, men også tradisjonelle forskingsområde som berekraftig matproduksjon og energi står sterkt. I 2013 er det nedgang i talet på forskingsøknader innan tema reiseliv.

Ordninga med regionale forskingsfond er evaluert av NIFU på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og Forskningsrådet. Etter fire års drift, vert det konkludert med at regionale forskingsfond er ei vel etablert ordning som fungerer ut frå måla. Alle dei sentrale elementa i ordninga er på plass. Arbeidet er godt forankra i regionane og har stor legitimitet. Ordninga ser ut til å fungere i eit godt samspel med andre regionale verkemiddelaktørar. Det er etablert eit godt system for forvaltning av forskingsmidlar innan dei rammer som er gitt gjennom regionale FoU-strategiar, og andre føringar gitt av fylkeskommunane. Døme på forskingsprosjekt med forankring i Hordaland, som fekk løyving i 2013, er «Vossmodellen – tidlig innsats for heimebuande eldre i Voss kommune», «Hydrogenproduksjon basert på offshore

vindenergi» og «Dokumentere human helsegevinst ved bruk av fiskemel fra torsk».

VRI Hordaland (Verdiskaping for regional FoU og innovasjon) tilbyr tenester ved hjelp av to hovudverkemiddel: Kompetansemekling - gratis besøk av ein formidlar med god kjennskap til forskingsmiljøa, som kan hjelpe med å kople bedrifta sine utfordringar med forskingsbasert kompetanse og ressursar. Ein har også ressursar til å delfinansiere prosjekt der bedrifta samarbeider med eit FoU-miljø, for å vidareutvikle ein forskingsidé. Meklinga har i 2013 involvert om lag 100 bedrifter i Hordaland og resultert i ni nye forprosjekt, der bedrift og forskingsmiljø saman vil arbeide med ei problemstilling.

Personmobilitet – hospitering og utvekslingsordningar mellom bedrifter og forskings- og utdanningsmiljø. Gjennom arbeidet med Mobilitet i VRI Hordaland er det inngått åtte kontraktar, der studentar med støtte frå fagmiljø gjennomfører FoU-prosjekt i bedrift.

## Klima- og naturressursforvaltning

### Klima og miljø

Eit stort arbeid med rullering av klimaplanen har gått føre seg i 2013. Det har mellom anna vore fokusert på kva rolle fornybar energi skal ha i framtidens Hordaland. Aktiviteten har vore stor på mange klimatiltak.

Det vert framleis satsa stort på arbeidet med infrastruktur for elbilar, eit arbeid som gjev gode resultat. Klimarådet hadde tre møte og var m.a. med på utviklinga av forskingsprosjektet Klimaservice i Hordaland og på synfaring til Midtjullet Vindpark, som vart opna av fylkesordføraren. Etter Klimarådet sitt initiativ, vart det halde frukostmøte på Voss, Leirvik og Lindås om energiøkonomisering av bygningar, med deltakarar frå offentleg og privat sektor.



Marin tilskottsordning til strakstiltak for vill laksefisk i Hardangerfjorden («Pilotprosjekt Hardangerfjorden»). Bilete syner etablering og drift av fiskefelle i Etneelva. Foto: Inge Døskeland

Systematisk miljøstyring er innført i heile fylkeskommunen. Sjå eigen miljørapport i årsmeldinga, for det som gjeld fylkeskommunen sine eigne bygg. Voss kommune er pilot for miljøsertifisering av kommunar. Tinghuset, kulturhuset og PPT er sertifiserte som Miljøfyrtårn. Alle kommunale barnehagar og skular er i gang med sertifisering.

Miljøprisen for 2012 gjekk til Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, for deira årelange arbeid i høve til å få barn og unge ut i naturen, for å drive fiske og friluftsliv, og for bidrag til naturforvaltning gjennom å hauste av naturen og ta vare på han.

### Energi

Det er handsama 29 vasskraftprosjekt i 18 politiske saker. Fylkeskommunen var positiv til dei aller fleste søknadane om utbygging. I kategorien mikrokraftverk, gav fylkeskommunen løyve til utbygging av Lygre kraftverk i Fusa kommune. Miljøverndepartementet påla endring i retningsline om biologisk mangfald i Fylkesdelplan for små vasskraftverk, etter å ha hatt Fylkesmannen sine merknader til planen til handsaming i tre og et halvt år.

### Heilskapleg vassforvaltning

Vassforskrifta (gjennomføringa av EU sitt vassdirektiv) pålegg utarbeiding av ein heilskapleg og sektorovergrepande forvaltningsplan for vatn 2016-2021 i kvar vassregion. Som vassregionmyndigheit i vassregion Hordaland, har fylkeskommunen ansvar for koordinering og framdrift i det pågåande planarbeidet. Det er gjennomført ei rekke møter i 2013. Tiltaksvurderingane i dei fem vassområda er ferdige

og utgjer grunnlag for forvaltningsplanen og tiltaksprogram, som kjem på høyring i 2014.

### Akvakultur

Hordaland er eit stort akvakulturfylke og gode lokalitetar er viktig. Fylkeskommunen gir løyve til oppdrett og godkjenner lokalitetar for oppdrett (Lokalitetsklarering). Saksbehandlingsomfang omfattar kvalitetssikring og høyring av søknader. I alt 79 søknader vart slutthandsama i 2013, derav 77 som gjaldt oppdrett av laks og aure i sjøvatn. Akvakulturförvaltninga har lågt konfliktnivå og godt samarbeid.

### Vilt, innlandsfisk og skjelsand

Fylkeskommunen har hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltninga av haustbare, ikkje truga artar av vilt- og innlandsfisk. Det er mest arbeid med hjorteförvaltninga, og med fylkeskommunen si rolle som tilretteleggjar og koordinator.

Bestandsförvaltning skal vere hovudregelen i förvaltninga av hjort. Prosjektet «Hordahjort», som vart ferdig i 2013, har gitt betre kunnskapsgrunnlag for bestandsförvaltning i fylket. Sentralt i prosjektet var sporing av hjort med GPS-halsband, for å kartleggje trekk og arealbruk. Prosjektet til over 7 mill. kr, vart i hovudsak finansiert av kommunane og fylkeskommunen gjennom viltfondsmidlar.

Fylkeskommunen gir løyve til utsetting av innlandsfisk, fangst av kystsel og opptak av skjelsand. Det var ni skjelsandskonsesjonar i fylket ved utgangen av året, og årleg opptak er på om lag 30 000 m<sup>3</sup>.



Folkehelse. Padling ved Jondal. Foto: CH-Innovation Norway



# Norheimsund mest attraktive stad i Noreg



Foto: Borghild Storaas Ones

Norheimsund er kåra til den mest attraktive staden i Noreg i 2013. Statens pris for attraktiv stad vart overrekt av kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete tysdag 28. mai. Prisen er på 250.000 kroner. I alt konkurrerte 350 stader. Norheimsund var ein av fem finalistar.

«Stadutviklinga av Norheimsund er eit godt døme for andre stader. Det er jobba systematisk med planlegging og investeringar i tettstadutvikling. Utviklinga er ynskt, langsiktig og skal halde fram», seier juryen.

Kvam herad, dei næringsdrivande og andre lokale aktørar har sidan 1990-talet drive eit langsiktig og grundig samarbeid for å ruste opp Norheimsund som kommune- og regionsenter. Hordaland fylkeskommune har sidan slutten av 1990-talet vore fagleg rådgivar og bidrege økonomisk til realisering av fleire byggjesteigiprojektet.

Borghild Storaas Ones er næringsdrivande i Norheimsund og har vore lenge med i prosessen.

– Det gode samarbeidet mellom kommune, innbyggjarar, næringsliv og fylkeskommunen har vore viktig. Alle partar har vore rausa. Alle har ytt og saman med gode planar og ei utvikling som har kome bit for bit, har det vore suksessfaktorar for at Norheimsund har vorte eit pulserande sentrum, seier Storaas Ones.

– Ein av dei viktigaste endringane som har skjedd i Norheimsund dei siste åra, er definitivt opprustinga av Strandvegen. I sommarhalvåret har badestranda blitt den nye møteplassen for ungdom, seier Magnus Torvik, som er leiar i Kvam ungdomsråd.

Strandvegen har vorte det nye kvardagsturområdet, noko som har ført til at det er liv og aktivitet også etter stenetid.

## Internasjonalt samarbeid

### Ny internasjonal strategi

Fylkestinget vedtok i juni ein ny strategi for det internasjonale arbeidet 2013-2016. Internasjonalt arbeid skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle samfunnet. Hordaland fylkeskommune har hatt eit aktivt internasjonalt engasjement i 2013; gjennom deltaking i europeiske organisasjonar, ved Vest-Norges Brusselkontor, i samarbeid med andre regionar og gjennom deltaking i europeiske prosjekt. Mange av aktivitetane er drivne av dei einsskilde avdelingane og er omtalte i ulike delar av dette dokumentet.

### Markering av langvarig samarbeid

I 2013 vart 20-års jubileum for samarbeidet med Basse-Normandie markert med signering av ei ny samarbeidsavtale, og 30-års jubileumsfeiringa for venskapsavtalen med Orknøyane starta med eit felles «Twinning»-seminar. I samband med 15-års markeringa for samarbeidet med Kaunas, deltok Hordaland på ein konferanse om trygje samfunn, der ni byar frå heile Europa utveksla praksis.

### Prosjektsamarbeid

I fleire EU-program er det lagt vekt på å få til ei betre samfunnsutvikling gjennom auka samarbeid mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå. Internasjonal seksjon har koordinert mellom anna følgjande prosjekt:

Prosjektet «Still being active» fekk stønad gjennom EU-programmet for vaksenopplæring: Grundtvig 50+. I mange år har fylkeskommunen sendt ungdommar frå Hordaland på frivillige oppdrag i Europa, og i 2013 fekk seks meir vaksne hordalendingar hjelpe til i omsorgsarbeid i Santiago de Compostela. Seks spanjolar kom til Hordaland og jobba som assistentar på tre ulike sjukeheim i Bergen. Med ein veksande del eldre i befolkninga, er det viktig å tenke nytt og bruke alle ressursar ein har i samfunnet. Målet for prosjektet var å motivere fleire til å få interesse for frivillig arbeid. Utvekslinga var eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT), og Vitalitetssenteret Frivilligsentral.



Fyrste Hordalandsvolontør i Ukraina. Foto: Alette Lie

«Internasjonalisering – eit kompetanseutviklingsprogram» er Hordaland fylkeskommune si satsing for å heve fagkompetansen i kommunane og i eigen organisasjon gjennom bruk av EU-midlar. I løpet av 2013 har grupper innan kommuneplanlegging, folkehelse, lokalsamfunnsutvikling, kulturminne, bibliotek, fiskerinæring og HMT reist til ulike europeiske land. Under opphalda var det lagt opp til gjensidig erfaringsutveksling og nettverksbygging. I alt 54 deltakarar frå fylkeskommunen og 17 kommunar fekk finansiering gjennom EU-programmet Leonardo da Vinci.

I prosjektet «European Youth Standing Against Extremism», støtta av «Aktiv Ungdom programmet», fekk ti ungdommar frå Hordaland delta på eit seminar i London, for å diskutere med ungdommar frå andre europeiske land korleis ein kan kjempe mot ekstreme haldningar. Hordalandsungdomane utvikla etterpå ein Romfolk-konferanse i Bergen.

## Vestlandsrådet

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd for Vestlandsfylka og arbeider for å fremje landsdelen sine interesser. Særleg sentralt var arbeidet med ferjefri E39. I 2013 har rådet uttalt seg til fleire stortingsdokument og har arbeidd med ny organisering og arbeidsform for rådet.

## Analyser og utgreiingar

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) leverer analyser, kart og statistikk som skal fungere som eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet i avdelingane. Tre nyvinningar blei lanserte i 2013:

I januar 2013 utarbeidde Hordaland fylkeskommune for første gong eigne befolkningsprognoser for Hordaland, men også bustadsprognoser og arbeidsmarknadsprognoser basert på tala i befolkningsprognosen. Prognosane blei utførte av AUD, ved hjelp av plan- og analyseverktøyet PANDA. Dette arbeidet inngår i eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane i Noreg og SINTEF (fylkesprognoser.no), men der kvar fylkeskommune står ansvarleg for eigne prognosar og kan legge inn eigne føresetnader. I prognosane for Hordaland har vi lagt til grunn at arbeidsinnvandranane i større grad blir buande i fylket enn det SSB gjer i sine prognosar, sjølv ved betring av den europeiske økonomien. Det vil gi høgare folkevekst enn i SSB sin middelprognose. Prognosane går fram til 2030. Hordaland fylkeskommune tek sikte på å delta i fylkesprognoser.no på årleg basis og publisere nye prognosar i januar kvart år.

AUD har også utarbeidd ein prognose for framtidig pendling mellom regionane i Hordaland og andre regionar i landet. Pendlingsprognosen er basert på dei historiske pendlingsmønstra, som både gir eit bilete av situasjonen i dag og korleis framtida kan sjå ut om utviklinga fortset i same mønster.

Som ledd i fylkeskommunen sitt ansvar for å overvake helsestilstanden i fylket, og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne, blei det i januar 2013 lansert ein risikoindeks for folkehelse, utarbeidd av AUD. Det viktigaste føremålet med risikoindeksen er å synleggjere kva område kommunane bør sette inn tiltak.



# Miljørapport 2013

Denne miljørapporten gjeld for eiga drift. Data frå alle einingar er samla inn og gir grunnlag for miljørapporten. Arbeidet med energi, klima og miljø i fylket elles, er omtalt andre stader i årsrapporten.

## Miljøsertifisering


Fylkeshuset, OT/PPT, 14 skular og alle tannklinikkar, unateke ein ny, er sertifiserte som Miljøfyrtårn. 16 skular utan helseverngodkjenning er sertifiserte som Grønt Flagg. Målet er at dei 13 attverande skulane, skal bli sertifiserte i løpet av 2014. Skyss og Bybanen Utbygging er ikkje miljøsertifiserte. Skyss har jamvel eit betydeleg miljøfokus og har i 2013 utarbeidd miljøstrategi som gjer greie for dette.

## Miljøstyring

I 2013 vart det utarbeidd overordna gjennomføringsdokument for miljøstyringa. Både miljøansvarlege ved einingane og toppleiinga var involverte i prosessen. Gjennomføringsdokumentet skildrar årshjulet for miljøstyringa og oppgåvene til miljøansvarlege og andre involverte. Rutinen vart innført i 2014. 2015 vert fyrste året der heile rutinen kan gjennomførast.

Fram til no, har miljøstyringa i hovudsak vore eit ansvar for kvar skule, klinikkområde og administrativ eining. Grafane synar at ein gjennom dette ikkje har nådd ønska resultat på alle miljøområde. Gjennom det nye årshjulet for miljøstyringa vil det i 2014 verte utarbeidd miljøhandlingsplan for avdelingane og fylkeskommunen som heilskap. I 2015 vert det sentral oppfølging av desse planane. Gjennom dette vonar ein å oppnå betre miljøresultat i åra framover.

## Energiforbruk




Samla energiforbruk i fylkeskommunale bygg har gått ned 1,5 GWh frå litt over 64 GWh i 2012 til litt under 63 GWh i 2013 (- 2,4 %). Figuren viser utvikling i elektrisitetsforbruk og fyringsolje, med 2012 som basisår (100 %). I 2013 gjekk straumforbruket ned 12 %, medan oljeforbruket gjekk opp 39 %. Andre mindre energikjelder er bioenergi, fjernvarme og propan.

Grafen for fyringsolje er ikkje heilt samanliknbar frå 2012 til 2013. I 2013 viser grafen brukt fyringsolje. For tidlegare år viser grafen kjøpt olje. Skulane som i vesentleg grad nyt-


tar olje til oppvarming i 2013, er Bergen tekniske fagskole, Fana gymnas, Laksevåg vgs., Lønborg vgs., Odda vgs, Stend vgs. og Stord vgs. Stend vgs. stod åleine for 40 % av oljefyringa i 2013, og prosjekt for konvertering til flisfyring ved skulen er i gang.

## Klimagassrekneskap oppvarmingformål



Grafen viser direkte CO<sub>2</sub>-utslepp frå bruk av fossil energi til oppvarming. I tillegg viser han utrekna utslepp frå el-forbruk ved nordisk energimiks (0,108 kg CO<sub>2</sub>/kWh). Grafen viser at ein har fått stansa auken i utslepp fram til 2010, men ikkje fått ned totale utlepp i nokon særleg grad. Dei store utsleppa i 2010 kom av særleg kald vinter, noko som også gjorde det naudsynt med auka oljefyring. Auken i direkte CO<sub>2</sub>-utslepp i 2013 kjem i hovudsak av at Bergen Maritime og Årstad vidaregående skoler har gått over frå elektrisitet til fjernvarme. Nedgangen i CO<sub>2</sub>-utslepp frå elektrisitet i 2013 har same grunn.

## Reiser



Figuren viser utvikling i flyreiser, km-godtgjersle og eige forbruk av drivstoff. Lengda på flyreiser gjekk i 2013 opp 6,9 % (+ 266 550 km), tal km godtgjort bilbruk gjekk opp 2,7 % (+ 44 685 km), og forbrukt drivstoffmengde gjekk opp 4,9 % (8 900 liter). Samla reiselengde i 2013 var 4 115 783 km med fly og 1 678 260 km bilreiser. Samla eige forbruk av drivstoff var 189 800 liter (derav 98,2 % diesel). Bruk av videokonferanse gjekk ned med 36 % frå 2012.


### Køretøy

Utanom kollektivtransporten, har fylkeskommunen 45 lette køretøy, av dette 3 elbilar. Vidare har fylkeskommunen 57 minibussar o.l., 85 andre typar køretøy (t.d. traktor) og 3 båtar. I all hovudsak er det skulane som har eigne driftskøretøy.

### Innkjøp og avfall

Figuren viser innkjøpte mengder papir (ikkje nødvendigvis avfall), restavfall og avfall totalt. Papirinnkjøpet gjekk ned heile 35 %, frå 274 652 kg til 177 386 kg. Miljømerka papir har gått opp frå 67 % til 73 %. Talet på miljømerka produkt som er kjøpt har gått ned frå 87 000 i 2012 til 69 000 i 2013.

Den totale avfallsmengda er omtrent uendra (- 0,3 %), men graden av kjeldesortering gjekk opp frå 35 % til 38 %, og restavfallet (som går til energigjenvinning) vart redusert med 5%. Totalt genererte Hordaland fylkeskommune 1 487 tonn avfall i 2013.



"Bergenslokket". Foto: Stanley Hauge

# Med kultur for utvikling

Kultur- og idrettsavdelinga rettar merksemda utover; mot kommunar og andre samarbeidspartar, frivillige og profesjonelle, barn som eldre. Med kultursatsinga ønskjer Hordaland fylkeskommune å fremje utvikling og livsfremjande aktivitetar hos det enkelte mennesket og i samfunnet. Dette skal gjerast med berekraft, med omsut for verdiar, men også nyskapande og grenseoverskridande.

	Reknesk. 2010	Reknesk. 2011	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Avvik netto-bud. 13
Arkiv	4,3	4,7	6	5,6	0,3
Bibliotek	8,3	8,8	9,5	11,1	0,8
Kulturvern, museum	84,4	97,7	92,7	108	1
Kunst, kunstformidling	51,2	52,6	54,6	61,7	0,3
Idrett	8,2	19,2	9,8	11,4	0,1
Barne- og ungdomsarbeid	3,4	3,5	3,6	3,5	0
Vaksenopplæring	0,7	0,7	0,7	0,7	0
Spelemidlar	84,8	45,5	71,9	81,3	0
Andre kulturføremål	17,8	23,5	27,5	28,9	0
Friluftsliv	8,9	9,1	10	11,2	-0,1
Sum brutto driftsutgifter	272	265,3	286,3	323,4	2,4

Brutto driftsutgifter til kultur og idrett var 323,4 mill. kr. Auka statstilskot forklarar auken på kulturvern, museum. Dei som får tilsegn om spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet, har to år på å ferdigstille anlegget og sende inn revidert rekneskap. Såleis er det naturleg å ha restanse på om lag eitt års tilsegn. I 2013-2015 vert det gjennomført eit prosjekt for å få ned restansar og innestående spelemidlar. Over 100 institusjonar og lag får driftstilskot frå Kultur- og idrettsavdelinga. Dei står for bredda i aktivitetstilboda innan kultur og idrett som befolkninga i Hordaland tek del i.

Ein viktig aktivitet i 2013, har vore å leggje grunnlaget for ny Regional kulturplan 2014-24, som skal vedtakast i Fylkestinget 2014. I løpet av året har det vore ein brei planprosess, og fleire konferansar med faggrupper og rom for innspel. Kultur- og ressursutvalet har vitja alle regionane i Hordaland. Den 38. kultur- og idrettskonferansen, "Bergen, regionen, nasjonen", var kombinert med innspelskonferanse for Bergen.

**Kulturelt utviklingsprogram og andre stønadsordningar**  
Kultur- og ressursutvalet fordelte 6 mill. kr gjennom Kulturelt utviklingsprogram (KUP), fordelt på 18 prosjekt. Prosjekta varer frå eitt til tre år, innan dei fire programområda som er vedtekte for KUP; kunstnarleg nyskaping, samarbeid, nyskapande formidling og kompetanse. Ordninga Ålmenne kulturføremål løyver 1 mill. kr. Det er søknadsordninga som famnar breiast innan kunst, kultur og kulturhistorie, og difor har flest søkjarar. Tildelingane ligg oftast i storleiken 10 000 – 30 000 kr.

## Hus for kultur

Nye arenaer for utøving og formidling av kunst og kultur, har vore eit satsingsområde. Cornerteateret i Bergen fekk støtte til opning. Kulturhuset USF i Bergen fekk støtte til ombygging. Den største salen, Røykeriet, er no spesialtilpassa for elektrisk forsterka musikk, og rommar 1200 menneske.

Totalt er det plass til 2000 publikumarar. Fylkeskommunen har bidrege med til saman 13 mill. kr sidan 2009. Hordaland fylkeskommune vart medeigar i Grieghallen i Bergen, som eit interkommunalt selskap. Grieghallen treng fornying, og det er ein ambisjon om å ruste opp bygningen for 234,6 mill. kr innan Harmonien sitt 250 årsjubileum i 2015. Staten, Bergen kommune, fylkeskommunen og Grieghallen bidreg med tilskot. Første etappe av opprustinga er gjennomført.

## Stemmerettsjubileet

Hordaland fylkeskommune leier komiteen for koordinering av Stemmerettsjubileet 2013 og Grunnlovsjubileet 2014 i fylket. Komiteen har i løpet av året samordna og informert om lokale og regionale arrangement. Fylkeskommunen inviterte representantar frå kommunane i Hordaland til jubileumsmiddag for markering av Stemmerettsjubileet.

## Internasjonalt samarbeid

Fylkeskommunen og Rikskonsertane signerte ein samarbeidsavtale om kulturutveksling mellom Kina/Beijing og Hordaland. I oktober vitja fire musikarar frå Feng Tai Children's Palace i Beijing. Dei gav skulekonsertar på Voss og i Hardanger, i tillegg til konsert/verkstad i Bergen kulturskule. Fylkeskommunen var ansvarleg for julekonsertar i Edinburgh, Cardiff og på Orknøyane.

I november var det ny markering av kunst frå Hordaland under den nordiske festivalen "Les Boreales" i Caen, Nedre Normandie, med merkelappen «Made in Hordaland». I samarbeid med nysirkussenteret La Brèche, var sjonglør Clément Dazin på turne i Hordaland.

Den systematiske utviklinga av politisk og fagleg samarbeid i Håkon Håkonsons gamle Noregsvelde held fram. Kultur- og ressursutvalet vitja Edinburgh i april og hadde møte med politikarar og institusjonar innan kultur og idrett. I april vitja også to tilsette frå avdelinga Historic Scotland

## Vyar for framtida

Eit viktig siktemål for Kultur- og idrettsavdelinga er å fremje kultur som ein grunnleggjande premis for samfunnsutviklinga, både når det gjeld bevisstgjerung av verdival og kvalitetskrav til utviklinga av Hordaland. Kultursatsinga skal fremje utvikling og livsfremjande aktivitetar hos det enkelte mennesket og i samfunnet og ta vare på og utvikle verdiar og ressursar. Kultur- og idrettspolitikken skal sikre ein sterk infrastruktur av kultur- og idrettsarenaer ute og inne og eit allsidig aktivitetstilbod der folk bur og arbeider. Innbyggjarane i heile fylket skal ha tilgang på eit rikt og mangfaldig kulturliv.

Hordaland er eit sterkt kulturfylke. Målet er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande kulturregion nasjonalt og internasjonalt. Kultur er eit av dei mest sentraliserte politikkområda i Noreg. Det er naturleg at hovudstaden har viktige hovudstadsfunksjonar også på kulturfeltet, men det trengst fleire, tunge kulturelle sentra i landet som byr Osloregionen konkurrans på kvalitet, nyskaping, merksemd og statlege midlar. Her bør Hordaland vere i front og gjere felles sak med dei øvrige regionane utanfor Oslo.

og the Royal Commission on the Ancient and Historical Monuments of Scotland i Edinburgh. Dei besøkande vart sett inn i dokumentasjon og forvaltning av tekniske og industrielle kulturminne. Opphaldet vart delfinansiert av Leonardo da Vinci mobilitetsprogram. Det same vart to studieturar for til saman 21 tilsette frå bibliotek i Hordaland, under leing av tilsette i avdelinga. Dei besøkte bibliotek i Edinburgh og Glasgow.

I samband med vinterfestivalen på Orkenøyane, vart det gjennomført møte med aktørar innan FOU/University of the Highlands and Islands og kultur på Orkenøyane, for å avtale framtidig samarbeid. Museum Vest er også invitert inn i samarbeidet.

Hordaland fylkeskommune arrangerte møte i North Sea Commission (NSC) Culture & Tourism Group i Austevoll.

## Kunst- og kulturformidling

### Den kulturelle skolesekken

Kvart år får elevar i grunnskular og vidaregåande opplæring oppleve kunst- og kulturuttrykk gjennom Den kulturelle skolesekken (DKS). Ein legg vekt på god kunstnarleg kvalitet, i tillegg til oppleving og medverknad av elevane. 56 turnear vart gjennomførte til nær 59 700 elevar i alle kommunane i Hordaland, og om lag 360 utøvarar var engasjerte. For skuleåret 2013-2014 vart Hordaland fylkeskommune

tildelt vel 16,6 mill. kr til DKS. Av desse vart nær 4,7 mill. kr vidarefordelte til Bergen kommune, og i overkant av 3,3 mill. kr til dei resterande kommunane og regionane. Hordaland fylkeskommune sin del av midlane, går til turnering i grunnskular utanfor Bergen og vidaregåande skular i heile fylket.

### Skulekonsertordninga

Skulekonsertordninga er statleg finansiert over budsjettet til Kulturdepartementet. Fylkeskommunen har i dag ansvar for 75 % av skulekonsertane til barn og unge i grunnskulane i fylket. 120 frilansmusikarar vart engasjerte som skulekonsertutøvarar. Til saman vart det turnert i 360 dagar til 60 000 elevar i fylket Dei ulike konsertane inneheldt alt frå jazz og klassisk via viser til rock og pop.

### Kulturkort for ungdom

Nye kort og brosjyrar vart sende ut til nye elevar i dei vidaregåande skulane i fylket. Kulturkortstipend vart delte ut for andre gong, til utvalde deltakarar under Ungdommens kulturmonstring.

### Ungdommens kulturmonstring (UKM)

UKM på lokalplan engasjerte 859 unge rundt om i heile fylket. I tillegg deltok 29 personar som unge arrangørar. Fylkesmonstringa vart arrangert i Oseana, med 258 deltakarar fordelt på 169 innslag. Som tidlegare år, stod Hordaland barne- og ungdomsråd for tilrettelegging/arrangement, på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.



Grupa «Jongo» spelar på Ytrebygda ungdomsskole januar 2013. Foto: Jørn Oftedal



## Kulturminnevern og museum

### Lokal kulturminnekompetanse

Utvikling av kulturminnevern i kommunane er ei viktig satsing for Hordaland fylkeskommune. Som del av det nasjonale Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga, har Riksantikvaren og fylkeskommunane samarbeidd om utvikling av kommunal kompetanse. KURE har ønska å setje kulturminnevern i kommunane på dagsorden og fatta vedtak om å få til planar i alle kommunane i Hordaland. Riksantikvaren løyvde 1 mill. kr til delfinansiering av registrering og utarbeiding av kulturminneplanar i åtte kommunar i Hordaland. Fylkestinget har løyvd like mykje, til prosjektet «Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016».

### Arkeologiske registreringar

Det vart utført 67 arkeologiske registreringar knytt til plansaker. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne i 33 av dei 67 arkeologiske registreringane. I dei 33 prosjekta med funn, vart det påvist 77 nye lokalitetar. Det vart utført arkeologiske registreringar i 25 av fylket sine 33 kommunar. Flest vart gjort i Bergen med 10, Sveio med 6 og Fitjar med 5. Av dei nye registrerte lokalitetane, er 45 av 77 frå steinalder. Dei resterande funna skriv seg i stor grad frå eldre og yngre jernalder og er mellom anna gravrøyser, spor etter jordbruk og huskonstruksjonar.



Arkeolog Øystein Skår under dokumentasjonsarbeid ved ein nyregistrert gravhaug på garden Sæbø i Radøy kommune. Foto: Lars Øyvind Birkenes



Istandsetting av portane ved Lindås sjøsluser, offisiell opning av anlegget i august. Foto: Stein Ottosen

### Museum

Dei ni konsoliderte musea i Hordaland produserer kring 200 utstillingar og tek i mot 650 000 besøkande kvart år. Regional plan 2011-15, «Musea i samfunnet», er i hovudsak retta inn mot dei konsoliderte musea, og løftar fram arbeidsområda forvaltning, formidling, forskning og fornying. Museumsplanen sitt handlingsprogram vart følgd opp med 4 mill. kr, og har særleg gitt løft til utstillingar og klima-, tjuveri- og brannsikringstiltak. I tillegg starta arbeidet med ein felles samlingsforvaltingsplan. Musea skal også vere ein kompetanseressurs for kommunane, og fylkeskommunen har finansiert to nye bygningsvernkonsulentar, som prosjektstillingar over to år.

### Fredingssaker og fartøyvern

Hordaland fylkeskommune har styrka arbeidet med vern og istandsetjing av freda kulturminne dei seinare åra. «Prosjekt fredingsgjennomgangen» - gjennomgang av alle vedtaksfredingar frå før 1979, vart sluttført i løpet av året. Rundt 70 anlegg med over 200 bygningar er gjennomgått og dokumentert. Tiltaket er del av eit landsomfattande prosjekt i samarbeid mellom Riksantikvaren og fylkeskommunane.

Etter saksførebuing i fylkeskommunen, vart Telegrafbygningen i Bergen freda av Riksantikvaren, som eit godt døme på nyklassisistisk arkitektur frå 1920-åra. Fylkeskommunen vedtok midlertidig freding av lyststaden Lønningen i Bergen og sendte varsel om start for fleire nye fredingssaker.

Eldre fartøy er ein viktig del av Hordaland si historie. 39 fartøy er listeførte som viktige kulturminne, og fire fartøy er freda etter kulturminnelova. Rutebåten MS Granvin vart freda i 2013.

Løyvingar frå fylkeskommunen var vesentlege for istandsetjinga av freda kulturminne. I 2013 hadde mellom anna Prosjekt Bryggen eit samla budsjett på om lag 22,4 mill. kr, og Hordaland fylkeskommune fordelte statleg løyving på 21,2 mill. kr til istandsetting og sikringstiltak på 12 bygningar. To bygningar i Holmedalsgården vart ferdige. Omfattande istandsetting i Svensgården og Bellgården heldt fram, medan arbeid på Bugården vart sett i gang.

### Kompetanseutvikling

Hordaland fylkeskommune arbeider med utvikling av kompetanse innan bygningsvern, i samråd med byggenæringa, musea og opplæringsinstitusjonane. Med fylkeskommunale løyvingar, har det vore arrangert fleire kurs i tradisjonell byggjeteknikk og verktøybruk. Ein TAF - lærling (teknisk allmenfag) og ein tømjarlærling tek handverksutdanning som tilsette ved Kultur- og idrettsavdelinga.

Samarbeidet mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen med hospiteringsordning for masterstudentar i arkeologi vart vidareført i 2013. Ni studentar tok del i prosjekt i løpet av feltsesongen.

## Arkiv og lokalhistorie

Hordaland fylkesarkiv tek imot og lagrar eldre arkivsaker frå sentraladministrasjon og institusjonar i fylkeskommunen, og har ansvar for overordna retningslinjer og rutinar for avlevering av arkivmateriale i fylkeskommunen. Til saman har fylkesarkivet teke imot 4000-4500 hyllemeter arkivmateriale.

Fylkesarkivet tok imot 36 arkivavleveringar, totalt 211 hyllemeter, hovudsakleg frå fylkeskommunale institusjonar. Avlevering av tannlegearkiv har vore prioritert. Ein katalog med avleverte arkiv er publisert på internett.

I 2013 vart det utført om lag ca. 1000 ekspedisjonar. Størst etterspurnad er det etter persondokumentasjon og lokalhistoriske emne. Særleg ønskjer folk opplysningar frå arkiv avlevert frå opplæringsavdelinga, men folk etterspør også personopplysningar i arkiv etter OT/PPT, barnevernsinstitusjonar og lønsavdelinga.

Fylkesarkivet har arbeidd vidare med å få på plass eit elektronisk depot for fylkeskommunen i samarbeid med Bergen Byarkiv.

Fylkesarkivet er representert i styringsgruppa for Prosjektet fylkeskommunal administrasjonshistorie i regi av Landslaget for lokal- og privatarkiv.

### Privatarkiv og lokalhistorie

Fylkesarkivet tok inn privatarkivet etter Johann Vannes, tidlegare lærar ved Laksevåg vgs. Arkivet er frå plastlinja ved skulen, som var landets første plastlinje. Vidare vart det avlevert arkiv etter: Utne ungdomslag, Utne grannelag, Utne skyttarlag, Fjordgutens skyttarlag, Foreningen for en kirkes oppførsel paa Utne, Johs. Bleies Bo, Johs. Jak Utnes privatarkiv, Johs. Utne & Cos Eftf. og Johs. Jak Utnes Legat, Manger folkehøgskule, Steinerskolen, handelsskulane Schnitler og Hauge Andersen (HAV) og K. Nerheim. Digitalisering av arkivet etter Ottesen skipsbyggeri er i gang.

### Rallarveg-appen

I juni vart andre versjonen av Rallarveg-appen lansert, som formidlar informasjon langs Noregs travlaste sykkelsti. Nytt var mellom anna eit interaktivt kart for GPS-funksjonen, og eit spelelistesystem for å høyre forteljingane. Det vart produsert over 100 nye forteljingar til appen. Dette er eit døme på samarbeid innan digital formidling i fylket, og slikt samarbeid er ønska utvida til alle dei fire Vestlandsfylka.

## Bibliotek

Halmstadkonferansen vart arrangert i Bergen med 230 deltakarar frå Noreg, Sverige og Danmark. Konferansen sette søkelys på aktuelle spørsmål som korleis vi byggjer merkevaren «bibliotek», kva vi gjer når hyllene blir tømte, og vi får døgnopne bibliotek.

Nasjonalbiblioteket løyvde i 2013, 500 000 kr til tredje året av prosjektet «Biblioteklandskap i endring». Prosjektet omfattar 30 kommunar i Hordaland, og gjennomfører strategiar for kompetanse, samarbeid og utvikling av folkebibliotek i små og mellomstore kommunar. Resultat er mellom anna partnerskapsavtalar mellom fylkeskommu-



Ordførar Astrid Aarhus Byrknes opnar nytt, sjølvbetjent bibliotek i Lindåshallen i september. Foto: Ruth Ørnholt

nen og fem biblioteksamarbeid. Det er laga strategi for kompetanseutvikling for bibliotektilsette, gitt midlar til 13 småskalprosjekt om leik i biblioteka, og satsa på utvikling og vidareutvikling av tre felles nettstader for biblioteksamarbeid i fylket.

Bokbåten Epos sitt 50-årsjubileum har vore markert, og bokbåten vart òg nominert til den nasjonale prisen «Årets bibliotek». I samband med jubileet vart det lansert ny nettstad. Bokbåten hadde 42 driftsdagar i 2013, og 52 stoppestader fordelt på 22 kommunar. Stoppa vert vitja to gonger i løpet av året. Det vart lånt 21.178 bøker (18.408), ein auke på om lag 15 %. Besøket var 4038 (3005), ein auke på 34 %. Det var 92 (89) kulturprogram om bord i bokbåten i 2013, med eit samla publikumstal på 3.705 (3.005). Kulturprogramma er i samarbeid med DKS.

Fylkesutvalet vedtok å sikre innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker. Dette er på plass for alle dei vidaregåande skulane og kommunane i Hordaland utanom Bergen, som har eit anna system for e-bokutlån.

Prosjektet «Poesislam i ungdommens kulturmonstring» fekk tilskot på 170 000 kr frå Nasjonalbiblioteket og UKM Norge. Prosjektet koplar biblioteket som litteraturformidlar med ungdommar sine ønske om å uttrykke seg skriftleg og framføre tekstar for andre.

9. klasse på Rubbestadneset ungdomsskule deltok i kåringa av Uprisen – årets ungdomsbok. Dei las fem nominerte bøker, og elevane fekk reise til Lillehammer under prisutdelinga, med støtte frå Hordaland fylkeskommune.

Under «Bibliotekdagane» i juni, var det ein verkstad om praktiske formidling, med leiaren frå engelske «Opening the book», og foredrag om profilering og marknadsføring.

Fylkesbiblioteket arrangerte åleine eller i samarbeid med andre 27 faglege møte, seminar og konferansar i 2013, med til saman 1010 deltakarar.



## Idrett og friluftsliv

Fylkesdelplanen "Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 – Aktiv kvar dag" har som mål å leggje til rette for at folk kan vere fysisk aktive i nærmiljøet. Planen gjeld til ny regional plan for kultur er vedteken.

Det vart fordelt 900 000 kr til ei ny tilskotsordning for fysisk aktivitet og idrett for barn og unge. Det kom inn 63 søknader med søknadssum 2,4 mill. kr. 21 søkjarar fekk midlar til prosjekt som vil ha stor overføringsverdi.

Freestyle-VM 2013 vart arrangert på Voss 5. – 10. mars. Arrangementet omfatta 12 konkurransar, med 350 deltakarar frå 35 nasjonar og TV-sendingar i 60 land. Hordaland Fylkeskommunen gav tilskot på 700 000 kr til arrangementet og nært 6,5 mill. kr til anleggsutviklinga.

I juni vedtok fylkestinget å støtte Bergen i ein søknad om Sykkel-VM 2017, og sette av 15 mill. kr til arrangementet. Kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden stiller seg bak søknaden. Staten vil bidra med 30 mill. kr. Den offisielle søknaden vart overlevert det internasjonale sykkelforbundet i desember. Sykkel-VM er eit av verdas største idrettsarrangement, med over 70 deltakande nasjonar og meir enn 300 mill. fjernsynssjåarar.



Via Ferrata betyr opphavleg «jernveg», og er vorte ei populær form for fjellklatring over heile verda. I Odda finst to løypar ein kan boltre seg i. Foto: Sveinung Klyve

Vestlandsprosjektet med gradering og merking av turløyper, er vidareutvikla til det nasjonale «Turskiltprosjektet – det skal merkes i hele landet!». Deltakarar er fylkeskommunar, frivillige organisasjonar og Gjensidigestiftelsen. I Hordaland vart det fordelt 2,1 mill. kr til 35 prosjekt.

I perioden 2010-2013 har Hordaland fylkeskommune hatt leiarskapet og vore sekretariat for Vestkystparken – meir enn 300 friluftsområder langs kysten av Hordaland og Rogaland. Ei ny brosjyre/kart vart ferdigstilt, og Rogaland overtok rolla som leiar/sekretariat.

Fylkeskommunen overtok sikring av friluftsområde frå fylkesmannen i 2010 i samband med forvaltningsreforma. Hordaland fekk statleg støtte til kjøp av eigedomar på m.a. Hitsøy i Fjell kommune med 3,3 mill. kr, og Raudlia/Stokkedalen i Os kommune med 2 mill. kr.

Den årlege dialogkonferansen vart gjennomført i Fjell kommune. Tema var aktiv skulekvardag, anleggsutvikling, sikring av friluftsområde og nye aktivitetar som coasteering (kystaktivitetar på land og i sjøen).

I samarbeid med m.a. Askøy kommune, vart det for første gong arrangert Camp Herdla, ei aktivitetsveke for psykiatrien i Hordaland.

### Anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Fylkeskommunen fordelte spelemidlar for nært 77,5 mill. kr til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Det var 300 godkjente søknader, med ein samla godkjend søknadssum på 340 mill. kr. Mellom anna vart det søkt om midlar til 37 kunstgrasbaner, 19 fleirbrukshallar, sju symjeanlegg, 17 ballbingar og 17 anlegg knytt til friluftsliv.

I tillegg er det utbetalt restansar på nært 2,4 mill. kr til ulike nærmiljøanlegg via den forenkla ordninga med spelemidlar. Denne ordninga vert avvikla frå 2014.

Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg vart gitt til arenahus for Askøy seilforening, med 800 000 kr, Sotra Arena, i Fjell kommune, med 1 mill. kr, Stord Hestesportssenter, 800 000 kr, og hovudanlegg for symjing og stup, Bergen kommune, med 1,4 mill. kr.

## Med kultur for endring

Regional kulturplan 2014-24 tek sitt utgangspunkt i endringane i busetnadsmønsteret, flyttinga frå innland mot kyst, og frå bygd til større sentra. Kultur- og idrettspolitikken skal kvalitetssikre samfunnsutviklinga, med ein infrastruktur av kulturarenaer og eit aktivitetstilbod der folk bur og arbeider. Dette gjer fysisk samfunnsutvikling til eit viktig tema for kulturpolitikken innan område som: Urbanisering og stadutvikling, arkitektur og arenautvikling. Samstundes skal kultur- og idrettspolitikken fremje aktivitetar som inkluderer breitt, frå amatørar til profesjonelle. Folk i alle aldrar og frå ulike etniske kulturar skal få høve til å verte utfordra og til å glede seg i møte med kunst og kulturutrykk. Utfordringar er med og fremjer undrings- og endringsevna. Evna til å stille spørsmål, er føresetnaden for så vel innovasjon som vidareutviklinga av ein kritisk, demokratisk kultur. Ein slik kultur tryggjer og stimulerer Hordalandssamfunnet mot framtida.

## Kommune-Stat-Rapportering - KOSTRA

Kultur og idrett	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet uten Oslo
	2010	2011	2012	2013	2013	2013
Brutto driftsutgifter kultursektoren per innbyggjar	454	409	458	506	464	580
Brutto investeringsutgifter kultursektoren per innbyggjar	0	0	0	0	0	9
Netto driftsutgifter i alt til kultursektoren per innbyggjar	262	222	256	285	253	293
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutgifter	2,8	2,2	2,5	2,7	2,7	2,6
Netto driftsutgifter bibliotek per innbyggjar	14	14	15	16	6	33
Netto driftsutgifter museer per innbyggjar	83	83	87	95	81	85
Netto driftsutgifter kunstformidling/produksjon per innbyggjar	60	68	67	77	80	104
Netto driftsutgifter idrett per innbyggjar	56	-3	19	33	0	23
Netto driftsutgifter andre kulturaktivitetar per innbyggjar	48	60	67	65	86	48

## Bokbåten Epos fylte 50 år



Foto: Hordaland fylkeskommune

– Bibliotek på rett kjøll, kunne journalist Anders Ericson slå fast etter at han besøkte bokbåtstoppet Bruntveit på øya Reksteren i Tysnes kommune. Det skjedde under feiringa av 50 årsjubileet til Bokbåten Epos hausten 2013.

I jubileumsåret hadde Epos meir enn 4000 besøk, og brukarane sjølve markerte kor verdfullt kulturtiltaket er. På dei 52 stoppa rundt om på småstader og øyar i fylket vårt, troppa små og store opp med blomar, teikningar, kaker og ballongar. Alle ville vere med på fei-

ringa av «Epos» som har brakt ut bøker, bibliotekarar, forfattarar, teater og musikk til stader som elles ikkje er bortskjemde med kulturtilbod.

Den gode oppslutnaden om båten syner at tilbodet er eit tradisjonstilbod som har klart å fornye seg i takt med tida. Dette er ikkje berre brukarane klar over. I jubileumsåret vart bokbåten nominert til Årets bibliotek av Norsk Bibliotekforening. I grunngevinga står det at «bokbåten er eit bibliotektilbod som er unikt både nasjonalt og i verda».



# Utdanning for framtida

Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune. All pedagogisk verksemd ved skulane skal bygge opp under dette hovudmålet. 2013 var eit år prega av ny organisering av opplæringsavdelinga og arbeid med skulebruksplan.

Opplæringsavdelinga har vore gjennom ei omorganisering med tilsetjing av tre nye regionsleiarar som har fått overordna ansvar for dei vidaregåande skulane og fagskulane i kvar sine regionar.

OT/PPT er inkludert som ny seksjon i opplæringsavdelinga forutan seksjonane fagopplæring, skule og fellestenester. Mål for omorganiseringa er å styrke dialogen med og oppfylgninga av dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen.

## Framtidsretta skulebruksplan

Det overordna målet for skulebruksplanen er å sikre eit godt fagtilbod til alle elevar. Våren 2013 vedtok Fylkestinget andre og siste del av skulebruksplanen. Meininga med planen er å gi viktige føringar for framtidige investeringar, og samstundes ta vare på prinsipp om regional skulestruktur og robuste fagmiljø som er i stand til å møte endringsbehov på kort og lang sikt. Skulebruksplanen skal gjennomførast i perioden 2014 – 2025.

Oppfølgingsprosjektet «Varige og gode effektar av skulebruksplanen» skal sikre koordinering og gjennomføring av vedtaka i planen. I 2013 har ein starta arbeidet med eit moglegheitstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs. Vidare har viktige arbeidsoppgåver i 2013 vore å jobba med samanslåing og ny skulestruktur på Voss og i Bergen sentrum.

## Tre fagskular frå hausten 2013

I tråd med vedtak i skulebruksplanen vart fagskulane i Hordaland slått saman til tre fagskular frå hausten 2013.

Bergen maritime fagskole  
Bergen tekniske fagskole  
Fusa helsefagskole

Fase 2 i samanslåinga blir fullført når nye lokaler på Nordnes er klare for overtaking. Den tekniske og maritime fagskulen blir då slått saman til ein skule.

## Samarbeidsavtale med NAV

Samarbeidet om å få ungdom tilbake til vidaregåande skule eller ordinært arbeid er styrkja gjennom ein samarbeidsavtale inngått mellom NAV og Hordaland fylkeskommune.

Det er særleg tre målgrupper for avtalen: Unge som ikkje har skuleplass eller arbeid, elevar og lærlingar som ikkje lukkast med å skaffe lærekontrakt, og elevar som blir vurderte til å ha store vanskar på ordinær arbeidsmarknad etter fullført skulegang. Målet er å få desse tilbake i vidaregåande opplæring eller ordinært arbeid.



Foto: Emilie S. Vatshelle, elev ved Nordahl Grieg vgs. Vinnarbilete i opplæringsavdelinga si fotokonkurranse i 2013.

## Gjennomført opplæring - nøkkeltal

Hordaland fylkeskommune har som mål at 80 prosent gjennomfører vidaregåande utdanning. Gjennomføringstalet for 2013 var på nivå med landsgjennomsnittet, 69,7 prosent.

### Fullført utdanning etter fem år

Gjennomføring	2010 (starta 2005)	2011 (starta 2006)	2012 (starta 2007)
Hordaland	70%	72%	69,7%
Heile Landet	70%	69%	69,6%

Tala viser kor mange som har fullført opplæringa innan fem år etter at dei starta. 2010-12 SSB. (Tala er henta frå Gjennomføringsbarometeret).

69,7 % av dei som starta opplæringa i 2007, hadde gjennomført fem år seinare. Talet er lågare enn tilsvarande tal året før, med 72%, men framleis på nivå med landsgjennomsnittet på 69,6 %. I alt 19 173 søkte plass i vidaregåande skule i Hordaland fylkeskommune hausten 2013, av desse hadde 18 021 ungdomsrett.

### Inngåtte lærekontraktar / opplæringskontraktar i 2013

	Totalt	Hovudmodell 2+2	Etter VG1	Full opplæring i bedrift	TAF	Verdiskaping
Lærlingar	2081	1538 (73,9%)	172 (8,3%)	201 (9,7%)	73 (3,5%)	97 (4,7%)
Lærekandidatar	57	23 (40,4%)	15 (26,3%)	17 (29,8%)	0	2 (3,5%)
Totalt	2138					

Tabellen viser inngåtte lærekontraktar og opplæringskontraktar fordelt etter ulike opplæringsløp.

Fagopplæringssystemet er fleksibelt så lenge ei lærebedrift vil inngå lærekontrakt eller opplæringskontrakt med personar uavhengig av skulebakgrunn. Elevar som har fullført Vg 2 vert formidla gjennom Hordaland fylkeskommune. Inngåtte kontraktar omfattar opplæringsløpa: Hovudmodellen (2+2), opplæring etter vg1, full opplæring i bedrift og TAF. Kolonnen med verdiskaping viser kontraktar som er inngått i avviksfag der bedrifta berre har ansvar for verdiskaping og ikkje opplæring.

### Fleire privatistar

	2012	2013
Oppmelde privatistar	10 200	10 400
Tal på eksamenar	21 600	22 300

Tal på privatistar og privatisteksamenar i 2013.

Eksamenskontoret arrangerer privatisteksamen i heile fylket, og har ansvar for gjennomføring av sentralt gitt skriftleg prøve for praksiskandidatar og lærlingar. Talet på privatistar aukar. 10 400 melde seg opp til privatisteksamen i 2013, og 22 300 eksamenar vart avvikla i om lag 500 ulike fag.

### Vaksenopplæring

Vaksenopplæring	2012	2013
Kursplassar	1330	1360

Tal på nye kursplassar for vaksne.

### 2 781 fag- og sveineprøver

Fag- og sveineprøvar	2012	2013
Talet på avlagde prøvar	2423	2781

Fag- og sveineprøver avlagte i 2012 og 2013.

Totalt 2781 fag- og sveineprøvar vart gjennomførte i 2013, ein auke på 343 frå året før. 32 % av kandidatane var kvinner.

Opplæringsløp	Totalt	% Kvinner
Lærlingar	1766	28,08 %
Lærekandidatar	41	36,59 %
Elevar	78	10,26 %
Praksiskandidatar	890	41,91 %
Totalt	2775	32,14 %

Avlagte fagprøver i 2013 fordelte på ulike opplæringsløp.

Innan opplæringsløpa ser vi at lærlingane utgjør den største gruppa med 1766 lærlingar, medan 890 tek fag- og sveineprøvar som praksiskandidatar.

1360 vaksne starta med vidaregåande opplæring i 2013. Flest kursplassar finn vi innan studieførebuande fag og helsefaga, medan dei tradisjonelle yrkesfaga auka mest i 2013.

### Fagskolane i Hordaland

Fagskule	2012	2013
Studentar	1092	1160

Fagskulestudentar i Hordaland fylkeskommune pr 1. oktober 2013.

Fagskolane i Hordaland hadde 1160 studentar hausten per 1. oktober 2013, ein auke på 68 studentar frå året før. Studentane fordelar seg på tre skular, Fusa helefagskule, Bergen tekniske og Bergen maritime fagskular.

Meir utfyllande informasjon om gjennomføring, fråfall og satsingsområder finn du i: Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2012/13.

## Vyar for framtida

Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa både nasjonalt og i Hordaland fylkeskommune, og framtidsvyane er knytt til desse måla.

Elevane opplever meir og betre læring i møte med profesjonelle skuleleiarar og lærarar som har høge forventningar til kva elevane skal lære og som i fellesskap legg til rette for eit godt læringsmiljø.

Skuleeigar, skular og arbeidsliv samarbeider tett og effektivt for å auke fleksibilitet og relevans i yrkesfagopplæringa i skule og bedrift.

Elevar og lærlingar som av ulike årsakar sluttar undervegs i opplæringa, får tilbod om å delta på alternative læringsarenaer, der fokus på motivasjon og meistring kan bidra til å føre ungdommane tilbake til utdanning eller arbeid.

## Tiltak for auka gjennomføring

Både nasjonalt og lokalt viser gjennomføringstala at det er behov for å sette i verk tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring.

### Ny Giv overgang

Ny GIV er eit treårig nasjonalt prosjekt som vart avslutta ved utgangen av 2013. Målet har vore at fleire elevar fullfører vidaregåande skule, og prosjektet har vore eit samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar. Frå 2014 skal arbeidet implementerast i vanleg drift.

Mykje ressursar er sett inn for å betre overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Dette er gjort gjennom kartlegging og tett oppfølging av dei elevane som ligg under kritisk grense i basisfaga norsk, engelsk og matematikk. Forutan fagleg oppfølging har elevane i Ny GIV mellom anna blitt inviterte til dei aktuelle vidaregåande skulane før skulestart og fått sjansen til å knytte viktige relasjonar.

### Ny GIV Oppfølging

OT/PPT har hatt prosjektleiinga for Ny GIV Oppfølging i Hordaland. Prosjektet rettar seg mot ungdom som har opplæringsrett, men som ikkje er under opplæring eller i arbeid. Mellom tiltaka som er sett i verk er ein avklaringssamtale for elevar som vil slutte i vidaregåande opplæring. Andre tiltak er kompetansejevande kurs, prekvalifiseringskurs, Ungdomsmottak i NAV og studieverkstad.

### Tiltak for auka læring og gjennomføring

- Sommarskulen
- Leksehjelp
- Studieverkstad
- Kompetanseheving for lærarar
- Hospitering for lærarar
- Ungt entreprenørskap i skulen
- Alternative opplæringstilbod



Ungdomsbedriften Folkeløkk frå Odda vidaregåande skule blei Noregsmeistarar i ungt entreprenørskap i 2013. Frå venstre: Eirin Tjoflot (f.v.), Aurora Aarhus Opheim og Margit Kvalvik.  
Foto: Kaja Baardsen/Ungt Entreprenørskap.



# Internasjonal utveksling gjev løft for elevane

– Vi ser at mange elevar får eit løft når dei deltek i internasjonale utvekslingsprogram, seier avdelingsleiar Patrick D'Incan ved Knarvik vidaregåande skule. For tida har han vitjing av seks elevar og to lærarar frå Frankrike. Og til våren reiser elevar og lærarar frå Knarvik til Frankrike.



– Det er ein enorm sjanse å få kome til Noreg og få delta i dette, seier Ronan Hays (17) frå Evreux, Normandie i Frankrike. – Eg gler meg til å kome til Frankrike til våren. Det blir annleis enn å vere her heime, seier Jakob Skjold Olsen (16) som går det første året på TAF ved Knarvik vidaregåande skule og har læreplass hos Skanska. Foto: Bjarte Brask Eriksen

## Betre klima, varme og pris

Elevar og lærarar kjem frå byen Evreux i Normandie. Dei går på byggfag på vidaregåande skule og skal lære meir om norske teknikkar innan trekonstruksjon.

– Ute i Europa er betong mykje nytta til bygging, men å byggje i tre gjev fordelar i høve klima, varme og pris. Betonghus blir kaldare og krev meir varme. Trehus er difor betre for det globale klimaet og økonomien, seier Patrick D'Incan.

## Lært nye teknikkar

Dei franske elevane har vore i Noreg i ei veke og skal vere her ei veke til. Ein av dei, Ronan Hays, er med på husbygging i Sedalen i Bergen i regi av Skanska.

– Eg er nøgd. Det er ein enorm sjanse å få kome til Noreg og få delta i dette. Eg har lært nye byggjeteknikkar som vi ikkje har i Frankrike. Spesielt har eg lært mykje nytt om isolering. I Frankrike brukar vi mykje betong, mens her i Noreg har eg lært om isolering med gipsplater og trekledning, seier Hays.

## Ein svært bra skule

I desse to vekene skal Ronan Hays bu hos Jakob Skjold

Olsen, som er elev på vg1, tekniske- og allmenne fag (TAF), ved Knarvik vidaregåande skule. Ein føresetnad for elevplassen på TAF var og at han og fekk læreplass.

– Eg skal jobbe i Skanska mens eg går på skulen og har teke fagbrev. To dagar i veka er eg hos Skanska og tre dagar på skulen i Knarvik. Men desse to vekene under prosjektet er vi i praktisk arbeid her i Sedalen. Knarvik er ein svært bra skule. Det er ein stor skule med 1000 elevar. Vi har gode lærarar.

## Skal bli ingeniør

Ronan Hays og Jakob Skjold Olsen er begge tømrrarar på det same huset i Sædalen.

– Det er svært praktisk å kombinere skule og jobb. Det er gøy med praktisk arbeid. TAF tek fire år og eg blir tømrrar med fagbrev. Planen er å gå vidare og studere til ingeniør.

## Snakkar engelsk og brukar hendene

Jakob Skjold Olsen fortel at det går svært fint å jobbe og bu saman med den franske eleven.

– Vi snakkar engelsk og brukar hendene. Det går bra, og vi forstår kvarandre. I mars skal eg reise til Frankrike og bu to veker heime hos han og jobbe på bygganlegg der. Eg gler meg til å kome til Frankrike. Det blir annleis enn å vere her heime.

## Sosialt og fagleg løft

Avdelingsleiar Patrick D'Incan ser mange fordelar med utvekslingsprogrammet med Frankrike.

– Internasjonal utveksling er eit satsingsområde til fylkeskommunen. Vi ser mange gevinstar med dette. Elevane får både eit sosialt og fagleg løft. Dei lærer fag. Dei får kompetanseheving. Dei lærer om Europa. Dei får oppleve andre samfunn. Dei får bu hos ein familie i eit anna land. Dei få oppleve framande tradisjonar, vaner og kulturar. Og dei lærer nye teknikkar og metodar. Alt dette har verdi.

## EU betalar

Utvexlinga er finansiert gjennom EU og såkalla Leonardo-midlar. Dei seks franske elevane er utplassert i kvar si bedrift i Bergen og Nordhordland. Med seg har dei ein norsk elev som får eit tilsvarande opplegg i Frankrike til våren.

– Dette prosjektet blir avslutta til påske, men vi har søkt om å få halde fram. Vi tenkjer oss å utvide innan andre faggrupper som elektro og betong. Vi vil forsterke og utvide samabedet med denne vidaregåande skulen i Frankrike, seier avdelingsleiar Patrick D'Incan ved Knarvik vidaregåande skule.



### Hospitering for lærarar

Kompetanseheving for lærarar har lenge vore eit prioritert område. Nytt av året er at Hordaland tilbyr yrkesfaglærarar å hospitere i næringslivet. Meininga er at lærarane skal få relevant kompetanse i arbeid med eigne elevar. Ordninga skal styrkje både breidde- og fordjupingskompetansen. Tiltaket er sett i verk av Utdanningsdirektoratet, og Hordaland fekk 700.000 kr til prosjektet i 2013, og er løyvd midlar for skuleåret 2014/15.

### Alternative opplæringstilbod

Forutan lærekandidatordninga og praksisskulen er vekslingsmodellen og produksjonsskule mellom dei alternative opplæringstilboda som er sett i verk.

### Produksjonsskule

Fylkestinget vedtok i 2013 at forsøk med produksjonsskule etter dansk modell skal utgreiast med tanke på å starte opp hausten 2014. Målgruppa er ungdom som har trong for eit alternativt opplæringstilbod for ein kortare periode. Produksjonsskulen skal vere eit tilbod om utprøving av programområde innan yrkesfag, der elevane skal delta i eit arbeidsfellesskap med produksjon som mål. Elevane skal samstundes få grunnleggjande samfunnskunnskap og kjennskap til og øving i vanlege rutinar i arbeidslivet. Ei målsetting er eit målretta og veletablert tilbod som er kjent for mange.

### Vekslingsmodellen

Vekslingsmodellen er ein modell der elevane vekslar mellom opplæring i skule og bedrift undervegs i heile opplæringsløpet. Det er same krav til kompetanse for dei ferdige kandidatane som i den ordinære opplæringsmodellen. Vekslingsmodellen vil kunne verke motiverande for unge

ved at dei får innsikt i yrket tidleg, og samstundes er knytt til ein skule under heile opplæringsløpet. Opplæringa er organisert i mindre grupper/klasser.

## Internasjonal satsing

Utvikling av Hordalandklassene og satsing på å fremje samarbeid innanfor fag- og yrkesopplæring i Europa har vore prioriterte oppgåver i 2013.

### Yrkespraksis i Europa

I 2013 søkte Hordaland fylkeskommune om midlar gjennom Leonardo da Vinci-programmet for 14 skular og 2 opplæringskontor. Det vart til saman tildelt midlar til å sende 100 yrkesfagelevar og 6 lærlingar på praksisopphald i eit anna europeisk land. Elevane og lærlingane er utplasserte i bedrifter eller institusjonar, og lengda på opphaldet varierer i frå 2 til 13 veker. Frankrike, Tyskland, Spania, Danmark, Nederland og Slovenia er nokre av landa som er representerte.

### Hordalandklassene

Elevar i Hordaland som har fullført Vg1 får tilbod om å ta Vg2 i utlandet. Skuleåret 2012/13 var det til saman 76 elevar som tok Vg2 på dei skulane som fylkeskommunen har samarbeidsavtalar med. Tilboda finst i Cardiff i Wales, Missouri i USA, Nedre-Normandie i Frankrike, Erfurt i Tyskland og Babolna i Ungarn.

Frå hausten 2013 blei det oppretta eit nytt tilbod for våre elevar i Erfurt i Tyskland, og fylkeskommunen har no både yrkesfagelevar (elektro) og elevar på studiespesialisering i Tyskland.

## Rekneskapan for 2013

### Brutto driftsutgifter opplæringssektoren

Vidaregåande opplæring	Reknesk 2010	Reknesk 2011	Reknesk 2012	Reknesk 2013	avvik netto-bud 13
Lønsutg. vgs.	1 771,4	1 854,9	1 921,5	2 010,6	
Andre driftsutg. vgs.	470,7	470,2	473,1	471,9	
Sum vidaregåande opplæring	2 242,1	2 325,1	2 394,6	2 482,5	23,3
Lærling opplæring	239,1	233,9	252,6	285,1	2,5
Spesialundervisning	85,8	71,4	90,8	102,8	-6,0
Opplæring av vaksne m.m.	107,4	116,7	125,0	121,4	-0,9
Sum brutto driftsutgifter	2 674,4	2 747,1	2 863,0	2 991,8	18,9

Tal i mill. kr

Fylkeskommunen sine brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring var i 2013 på 2 991,8 mill. kr. I høve til budsjettet vart det eit overskot på 18,9 mill.kr. Skulane hadde samla eit overskot på 5,9 mill. kr.

Stram budsjett disiplin, færre elevar og nokre færre utdanningstilbod er hovudgrunnar til at sektoren var innanfor budsjetttramma i 2013. I 2012 gjekk opplæringssektoren med eit underskot på vel 30 millionar.

Dei fleste skular har god økonomistyring og gode resul-

tat. Det same gjeld for alle aktivitetar og område som er administrert frå opplæringsavdelinga, deriblant fagskule, vaksenopplæring og lærlingtilskot.

Løn er den klart største utgiftsposten for dei vidaregåande skulane, og utgjer om lag 80 % av brutto driftsutgifter. Oppdragsverksemda hadde ei samla omsetnad på 28 mill. kr. Det er ca. 2 mill. kr mindre enn i 2012.

Overskotet var på vel 10 mill. kr. Dette utgjer eit fint bidrag til skulen og drifta ved skulen.

## Kommune-Stat-Rapportering - KOSTRA

Videregående opplæring	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet uten Oslo
	2010	2011	2012	2013	2013	2013
Brutto investeringsutgifter til videregående opplæring, per innbyggjar	903	859	837	872	1 230	936
Netto driftsutgifter til videregående opplæring, per innbyggjar 16-18 år	129 847	132 424	137 222	141 990	136 565	148 337
Del netto driftsutgifter til videregående opplæring av samla netto driftsutgifter	55,0	53,1	53,1	52,6	58,7	53,4
Korr. bto. driftsutg. videregående opplæring i skole per elev	129 768	131 756	135 580	140 471	142 608	145 812
Korr. bto. driftsutg. fagopplæring i arbeidslivet per lærling/lærekandidat	54 841	54 607	56 928	56 964	58 081	61 107
Korr. bto. driftsutg. studieførebuande utdanningsprogram per elev	58 750	58 585	60 271	61 856	65 669	63 621
Korr. bto. driftsutg. yrkesfaglege utdanningsprogram per elev	84 796	86 661	89 577	93 054	88 499	90 086
Korr. bto. driftsutg. spesundervisning og særskilt tilpassa oppl. per elev	11 588	13 090	14 563	16 435	15 922	15 842
Delen av personer 16-18-år som er i videregående opplæring	93,1	93,1	93,8	93,6	91,4	92,0
Delen i videregående opplæring som er i opplæring i skole	83,3	83,1	82,4	82,0	77,9	82,8
Delen i videregående opplæring som er i opplæring i bedrift	16,7	16,9	17,3	17,9	22,1	17,0
Delen elever som er i studieførebuande utdanningsprogram	47,3	46,8	47,0	47,3	43,7	48,1
Delen elever og lærlingar som er i yrkesfaglege utdanningsprogram	52,7	53,2	53,0	52,7	56,3	51,9
Del elever som har fått oppfylt førsteønske til utdanningsprogram	86,4	86,8	86,7	..	..	..
Del av søkjarar til lærlingplass som har blitt lærlingar per 1.10	75,3	77,9	77,3	..	..	..
Del beståtte fag- og svieneprøvar	91,3	91,4	88,6	88,2	92,2	91,1
Del elever som har slutta i løpet av året - alle årstrinn	6,1	6,3	5,8	6,0	4,2	4,9
Elevar per skole, fylkeskommunale skolar	391	401	400	398	599	528
Elevar per lærarårsverk, fylkeskommunale skolar	8,9	9,4	9,5	9,5	9,1	8,7
Del elever som går på skole utanfor bustadfylke	3,3	3,0	3,4	2,8	2,8	4,5
Del lærlingar som har læreplass utanfor bustadfylke	10,3	10,9	11,0	10,7	3,4	13,2
Ungdom 16-18 år i Hordaland	19 362	19 491	19 825	19 664		
Elevar ved fylkeskommunale videregående skolar i Hordaland	17 612	18 032	18 384	18 298		
Elevar ved private videregående skolar i Hordaland	2 262	2 271	2 442	2 667		
Lærlingar med læreplass i Hordaland	3 944	3 992	4 176	4 347		
Lærlingar, nye siste år	1 850	1 978	2 089	2 076		

# Vi utviklar samferdsel

Veksten i kollektivtrafikken i bergensområdet har halde fram i 2013 med nær 3 millionar fleire kollektivreisende enn i 2012. Bybanen opna for trafikk fram til Lagunen og bygging av traseen vidare til Flesland tok til. Ferjene som har kryssa Eidfjorden i årtier fekk avløyning av Noreg si lengste bru: Hardangerbrua. Dette er milepælar som pregar samferdselsåret 2013.

## Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter samferdsel: Tal i millionar kroner. Løpande prisar.	Reknesk. 2010	Reknesk. 2011	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Avvik netto budsjett 2013
Fylkesvegferjer	290,2	316,0	303,5	311,7	-0,1
Spesialskyss for gr.skulen	62,5	51,0	48,4	48,6	-7,9
Skuleskyss vidareg. skule	61,6	64,6	80,4	76,4	-5,3
Transport for funksjonshemma	48,1	50,2	47,9	53,0	-1,6
Bilruter	838,9	1 250,9	1 232,9	1 256,0	-18,8
Båtruter	83,6	89,7	94,9	103,8	-5,3
Skyss	67,2	89,4	103,6	129,2	3,2
Bybanen	43,5	96,1	101,1	122,5	0,8
Diverse transporttiltak	8,4	10,7	11,3	12,7	0,7
Fylkesvegvedlikehald	379,8	422,0	411,6	452,4	15,6
Sum brutto driftsutgifter	1 883,8	2 440,6	2 435,6	2 566,3	-18,7

Brutto driftsutgifter auka med 5% frå 2012 til 2013. For fireårs perioden 2010-2013 har driftsutgiftene auka med 36.

## Kollektivtrafikkinvesteringar

Hordaland fylkeskommune har også i 2013 investert store summer i terminalar og haldeplassar. På Bergen busstasjon som fungerer både som nasjonalt, regionalt og lokalt knutepunkt vart den nyopprusta nordre delen tatt i bruk 1. februar 2013. Her er det satsa på publikumsfasilitetar med stor ventehall med kiosk og toalett, og digital reiseinformasjon både inne og ute. Den nye Lagunen terminal med 9 perrongar og direkte tilkomst til bybaneterminalen, vart teken i bruk 15. april.

Byggetrinn 2 av Bybanen, Nesttun-Lagunen vart offisielt opna for trafikk 21. juni 2013, og investeringane i 2013 til dette byggetrinnet utgjorde 228 mill. kr. Opprinneleg var byggetrinn 2 budsjettert til 1,61 mrd. kr, mens sluttprognosen er 1,35 mrd. kr. Utbygging av bybanetraséen til Flesland, byggetrinn 3, starta opp sommaren 2013. Etter planen skal bana stå ferdig til Flesland i 2016. Bybanetraséen mellom Lagunen terminal og Flesland vert på 7 km. Bygginga er kostnadsrekna til 3,6 mrd kroner (2013). I 2013 vart det nytta 631,5 mill. kr til byggetrinn 3.

Fylkeskommunen, staten og kommunane går inn med investeringar i form av utbetring, om- og nybygging av vegar, endring av køyremønster og tiltak for å betre framkomsten som også kjem kollektivtrafikken til gode. Innan Bergen kommune vert desse investeringane dekt over Bergens-

programmet. Av dei største og viktigaste kollektivtiltaka i Bergensprogrammet i 2013 kan ein nemne nye kollektivfelt i Fanavegen frå rundkøyringa i Rådalen til rundkøyringa utanfor Lagunen, og kollektivfeltet i Osvegen frå Elvenesvegen til Skjoldskiftet. I Bergen vest vert det arbeidd for fullt med kollektivfeltet på Fv 562, frå Olsviktunnelen til rundkøyringa ved Storavatnet terminal og på Fv 555, tosidig kollektivfelt i Drotningvik. Arbeidet med kollektivfeltet på Fv 555 og 562 vert full-ført i 2014. I Bergen nord går det føre seg arbeid med venstresvingfelt for bussar mot sør i Åsanemyrane for å sikre framkomst for bussen i Åsanemyrane ved kryss mot Rollandslia. Dette arbeidet vert ferdigstilt i 2014.

Gjennom Bergensprogrammet har ein i 2013 på fylkesvegane fått oppgradert 46 haldeplassar til universell utforming. I tillegg kjem oppgradering av 4 haldeplassar til universell utforming på riksveg.

### Takstar

Frå 1. februar 2013 vart taksten på einskildbillett auka med gjennomsnittleg 5%, og periodetaksten med 4%. Minste-taksten for einskildbillett vart auka til kr 29,- og minste-takst for periodekort til kr 690,-. Prisen på ungdomskort auka til kr 300. Frå juni 2013 vart det innført ei ordning med ombordtillegg på kr 11 ved kjøp av einskildbillett om bord på bussen. Denne ordninga gjeld berre i Bergen. For båt- og ferjerutene vart taksten auka med 3%



## Kollektivtransporten

Kollektivreisende 2012-2013	Tal påstigande i tusen		Endring i % 2012-2013
	2012	2013	
Buss i Bergen kommune	26 793	28 648	6,9 %
Bybanen	7 994	9 125	14,1 %
Buss og Bybane i Bergen kommune	34 787	37 773	8,6 %
Fjell, Askøy og Os (Vestpakken)	6 403	6 486	1,3 %
Bergensområdet	41 190	44 246	7,4 %
Buss i Hordaland utanom Bergensområdet	6 030	6 052	0,4 %
Buss og Bybane i Hordaland	47 221	50 299	6,5
Båtruter	736	666	9,5 %
Riks- og fylkesvegferjer 1)	7 781	7 603	-2,3 %
Totalt	55 738	58 568	5,1 %

1) Inklusiv den kommersielle ruta Breistein-Valestrand

### Buss og Bybane

Passasjerveksten for buss og bane i Bergensområdet heldt fram i 2013, - og endringa frå 2012 til 2013 var på 6,9 %. Auken frå 2011 til 2012 var 6,3 %. Bybanen hadde ca. 9,1 mill. reisande i 2013, mot ca. 8 mill. i 2012. Prosentvis var auken frå 2012 på 14,1 %. For kommunane rundt Bergen, Fjell, Askøy og Os auka talet på reisande frå ca. 6,4 mill. til 6,5 mill, det vil seie 1,3 %. I Hordaland utanom Bergensområdet har passasjertala for buss lege på noko i overkant av 6 mill. dei siste åra. Frå 2012 til 2013 var det ein mindre auke på 0,4 %.

### Bybanen

Bybanen er blitt så populær at det i rushtida morgon og ettermiddag er utfordringar i høve til kapasiteten. I 2013 har

det vore 17 vognsett i vognparken, og i rushtida går 15 av desse i trafikk for å få til 12 avgangar i timen i kvar retning. To vognsett er til ei kvar tid ute til vedlikehald. I løpet av 1. halvår 2014 vil det bli levert ytterlegare tre vognsett. Med 20 vognsett i vognparken vil ein få meir stabil kapasitet, og betre kunne klare å halde kapasiteten oppe ved uventa hendingar. Det vart i 2013 investert 161 mill. kr i nye vognsett og forlenging av eksisterande vognsett.

I 2013 har det vore arbeid med utgreiing av traséval for Bybanen frå sentrum til Åsane (byggetrinn 4). Bergen kommune la i april 2013 ut konsekvensutgreiing av Bybanen til Åsane til offentleg uttale. Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka første gong 24. mai 2013, med tilråding om at både dagløyising og tunnel (via Christies gate) vart inkludert.



Byggetrinn 2 av Bybanen, Nesttun-Lagunen vart offisielt opna for trafikk 21. juni 2013. Foto: Ann Steindal

dert i det vidare arbeidet med tilleggsutgreiingar i sentrum. I Sandviken tilrådde fylkesutvalet trasé i Sjøgaten, og i Åsane vart to av traséforslaga inkludert vidare. 31. oktober handsama fylkesutvalet tilleggsutgreiingane til konsekvensutgreiinga med tilråding om dagløyning gjennom sentrum og Sandviken, og trasé vidare langs E 39 gjennom Eidsvåg og Åsane sentrum. Endeleg traséval vert gjort av bystyret i Bergen.

### Snøggbåt

Samla tal reisande med snøggbåtane i Hordaland gjekk ned med 9,5 % frå 2012 til 2013. Totalt var det 666 148 reisande i 2013. Den relativt store nedgangen har si årsak i Sunnhordlandsruta som i 2013 hadde 254 360 påstigande, mot 311 153 i 2012. Dette er ein nedgang på 18,3 %. Truleg er det det særskilde gode ekspressbusstilbodet mellom Stord og Bergen som har ført til overgang til buss i dette området. Reiarlaget Norled, som fram til 01.01.2014 hadde kontrakt på rutene i Sunnhordland, varsla hausten 2013 at dei ville legge ned Flaggruten mellom Bergen og Stavanger som starta opp på 1960-talet. Bakgrunnen for vedtaket om nedlegging finn ein i det reduserte trafikktalet for Flaggruten, og at den nye anbodspakken for Sunnhordland, gjeldande frå 01.01.2014, la opp til betre å dekke inn all fylkesintern trafikk.



Foto: Geir K Lien

Ruta mellom Rosendal og Bergen har dei tre siste åra hatt eit stabilt passasjernivå og ligg på om lag 44 500. Snøggbåtruta mellom Kleppstø og Bergen hadde ein auke frå 2012 til 2013 på 4,9 % og transporterte i 2013 307 331 reisande. Espeværtruta transporterte 32 759 reisande i 2013, dette er ein nedgang på 9,2 % frå 2012.

### Fylkesvegferjene

I dei 16 fylkesvegferjesambanda i Hordaland vart det transportert 2 256 404 køyretøy i 2013, tilsvarande 3 185 749 personbileiningar (pbe). Samla tal passasjerar var 4 377 054. Relativt var det ein auke frå 2012 til 2013 på 0,7 % for personbileiningar, og omlag tilsvarande tal passasjerar som i 2012.

Det tyngste fylkesvegferjesambandet er mellom Hatvik og Venjanaset, som transporterte 482 912 pbe i 2013, og 482 912 passasjerar. På dei neste to plassane følgjer Krokeide-Hufthamar med 390 235 pbe og Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes med 366 831 pbe.

Hordaland har eit kommersielt ferjesamband; Breistein-Valestrand, som i 2013 transporterte 234 653 pbe, ein nedgang på 2,3 % i høve til 2012. Passasjeretalet var 405 029 i 2013, nærast identisk med 2012.

### Riksvegferjene

Riksvegferja mellom Halhjem og Sandvikvåg frakta 931 698 køyretøy eller 1 825 368 pbe i 2013. Det er ein nedgang i tal personbilar på 4,7 % frå 2012 til 2013. Passasjeretalet i 2013 var 2 140 254, om lag som i 2012.

Riksvegferjesambandet Bruravik-Brimnes vart lagt ned 17. august 2013, og vart erstatta av Hardangerbrua. Talet på personbilar i 2013 vart 414 65, mens det i 2012 var 530 820.



Årsnes ferjekai, Kvinnherad. Foto: Stanley Hauge

### Reklamefinansiering av kollektivtransporten og byromsmøblar

I 2003 vart det arbeidd med reklamefinansiering av byromsmøblar i Bergen, Osøyro og Voss, men prosjektet vart ikkje realisert. I 2011 gjorde fylkestinget vedtak om iverksetting av eit nytt reklamefinansieringsprosjekt. Sluttrapport for prosjektet vart ferdigstilt hausten 2013, og saka vart handsama i fylkestinget i desember. Vedtaket som vart gjort i fylkestinget omfattar reklameflater som fylkeskommunen har direkte ansvar for gjennom verksemda i Skysst, - slik som bussar og billetter, og vidare reklameflater på objekt som i dag inngår i vedlikehald av vegnett, slik som bussstopp og haldeplassar. Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune, har fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med reklameoperatør for reklame på rullande kollektivmaterieell og kollektivterminalar.

### Kollektivtransport i distrikta (KID)

Gjennom den statlege tilskotsordninga, «Kollektivtransport i distrikta», kan ein få prosjektstønad for inntil 3 år til forsøk på nyskapande transportopplegg, med sikte på å hauste inn nye erfaringar. Eitt av vilkåra for å få midlar frå denne ordninga, er at det lokalt eller regionalt vert løyvd same beløp som staten bidreg med.

Hordaland fylkeskommune fekk 0,9 mill. kr i 2012, tilsvarande 4 % av dei nasjonale midla, til ordninga. For 2013 fekk fylkeskommunen 3,3 mill. kr, eller 15 % av dei nasjonale midla. Det har i 2013 såleis vore rom for større satsing på kollektivtransporttiltak i distrikta enn det har vore tidlegare. Tradisjonelt har tilskota frå KID-ordninga vore nytta til mindre prosjekt, til dømes drift av servicebussruter. Desse prosjekta har vore lokalisert frå Masfjorden i nord til Tysnes i sør, og frå Sund i vest til Eidfjord i aust.



Dei auka midla for 2013 gav rom for eit større prosjekt; pilotprosjektet Bestillingstransport. Pilotprosjektet inngår i eit større prosjekt som gjeld nytt rutetilbod i Hardanger og Voss i samband med den store utbygginga av veginfrastrukturen der dei siste åra. Det nye ruteopplegget tok til å gjelde ved skulestart i 2013, og tingsrutene skal starte 2. januar 2014.

### Skuleskyss

Skuleskyssen er ein omfattande logistikk som ofte må løse samansette behov for reisemønster og pedagogiske omsyn. Samstundes er det eit krav at skyssen skal utførast på ein økonomisk rasjonell måte. Ca 20 000 elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen blir frakta mellom heim og skule kvar dag.

Kostnaden med spesialtransport for grunnskuleelevane kan svinge frå år til år på grunn av elevsamansettinga og køyrestrekningar. I 2013 vart det utgiftsført 48,6 mill. kr. til særskyss for grunnskolen, som er ei knapp auke i høve til 2012. På vidaregåande skuleskyss vart kostnadene 76,4 mill. kr., som er ein nedgang i kostnadene på omlag 5% i høve til 2012.

### Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Samferdselsdepartementet inngjekk 20. juni 2011, avtale om belønning for betre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2011 – 2014. Samferdselsdepartementet går i avtalen inn for å tildele 550 mill. kr. over 4 år til finansiering av tiltak som kan medverke til å redusere biltrafikken og å auke bruken av kollektivtransport og sykkel i Bergensområdet. Gjennom avtalen har Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune forplikta seg på to effektmål knytt til utviklinga av biltrafikken i perioden; nullvekst i biltrafikken

i bompengeringen og reduksjon i trafikk inn mot sentrum i rushtida.

For å oppnå desse måla er det laga ein tiltaksplan med tiltak innanfor desse fire tiltaksgruppene:

Tiltak for å redusere privatbilismen, tiltak for å gjere kollektivtransporten meir attraktiv, tiltak for ei meir berekraftig areal- og transportplanlegging, og tiltak for å bidra til meir gange og sykling.

I 2013 har Bergensområdet mottatt 168 mill. kr. i påskjøningsmidlar. Desse midla er fordelt med 80 mill. kr. til 3. byggetrinn av Bybanen, 30 mill. kr. til tiltak for å betre framkomsten for buss, 20 mill. kr. til vidareføring og utvikling av takstiltak og nye rutetilbod, 30 mill. kr. til sykkeltiltak, 7 mill. kr. til informasjon og marknadsføring, og 1 mill. kr. til fortetting og konsentrert byutvikling langs bybanetraséen.

Restriktive tiltak er sentrale i påskjøningsordninga. Den 1. juli 2013 vart det innført takstauke i bomringen i Bergen. Målingar av trafikken i bompengeringen i Bergen viser at trafikken i andre halvdel av 2013 var 3% lågare enn i andre halvdel av 2012. For året samla sett er det ein reduksjon på ca. 1 % frå 2012 til 2013. Dette viser at Bergen, som ein av få byar i Noreg, har ein reduksjon i biltrafikken. Ved utgangen av 2013 viser tala og at det framleis er behov for ytterlegare reduksjon for å nå effektmåla som er sett i påskjøningsavtalen.

## Universell utforming

Samferdselsdepartementet løyvde 45,8 mill. kr. i tilskot til kollektivsektoren for å oppnå raskare resultat i arbeidet



Nye Bergen busstasjon er universelt utforma. Foto: Bjarte Brask Eriksen



med tilgang til kollektivtransporten. For 2013 kunne det søkast midlar til heilskapleg planlegging for å få til systematisk og koordinert arbeid for betre tilgjenge til kollektivtransporten, informasjonstiltak og tiltak for oppgradering av kommunal/fylkeskommunal infrastruktur.

36 tiltak rundt i landet fekk tilskot frå den statlege tilskotsordninga. I Hordaland fekk Bergen kommune kr. 450.000 til oppgradering av gangtilkomst mellom bustadfelt, idrettsanlegg og Haukeland Sjukehus. Askøy kommune fekk kr. 400.000 til oppgradering av 8 busshaldeplassar på kommunal veg. Hordaland fylkeskommune søkte om tilskot til 6 ulike tiltak, men fekk avslag på alle 6 søknadene. Det vart søkt om tilskot til kartlegging av ferjekaiene, opprusting av snøggåttkaia på Flesland, tre informasjonstiltak frå Skysst og implementering av nye salskanalar for Skysstprodukt.

For 2014 vart det frå Hordaland fylkeskommune søkt om tilskot til kartlegging av ferjekaiene, oppgradering av dei 20 tyngste busshaldeplassane i Bergensområdet, einskapleg informasjon på sentrale terminalar, og utviding av Skysst sitt mobilbillett til alle sonar i fylket. I desember 2013 avgjorde Samferdselsdepartementet at dei hadde fordelt 22 mill. kr. til universell utformingsprosjekt for kollektivtransporten i Norge. Hordaland fekk tildelt kr. 560.000, som det vart søkt om, til kartlegging av ferjekaiene.

## Transportordninga for funksjonshemma

TT-ordninga (tilrettelagt transport) har 13.195 godkjente brukarar i Hordaland. 7.384 av desse er bussette i Bergen kommune, medan 5.811 er bussette i fylket elles. Transportordninga for funksjonshemma er eit ikkje lovfesta tilbod til innbyggjarar som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutebiletet. Det er to prioriterte grupper i TT-ordninga, blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar. Andre med nedsett mobilitet kan også søkje.

Godkjente TT-brukarar får tilsendt eit elektronisk TT-kort med bilete. Det er påfylling på TT-kortet (kvoteskifte), 2 gonger pr. år, den 1. januar og den 1. juli kvart år.

Nytt for 2013, er at ved kvoteskifte 1. juli vart unytta TT-kvoter for første halvår, ikkje trekt tilbake. Endringa gjeld innafor same kalenderår. Pr. 31.12.13 vart TT-kvoten nullstilt som før.

For året 2013 vart det utført 206.025 TT-turar med drosje. Dette er ein svak oppgang frå 2012. Fylkeskommunen betalte ut 37,1 mill. kr. til TT-køyring. I tillegg betalar TT-brukarane ein eigenandel på 15 %.

Personar med varig tilrettelagt arbeid i verna verksemdar kan, etter søknad, få innvilga arbeidskøyring. Ved utgangen av 2013 var det 211 personar som hadde tilrettelagt skysst. Det vart nytta 10,8 mill. kr. til denne ordninga i 2013.

## Drosjar, turbil og godsløyve

I 2013 vart det utferda 79 drosjeløyve i Hordaland, medan

78 vart leverte inn. Ved utgangen av 2013 var det 1025 drosjeløyve i Hordaland, fordelt på 643 løyvehavarar. Av desse var 261 reservedrosjeløyve. Det totale løyvetalet i Bergen køyreområde er 750 drosjeløyve. Av dette talet kan ein sentral ha maksimalt 60%.

Per 31.12.2013 var det 54 selskapsvognløyve og 47 handikapløyve i Hordaland. 1 selskapsvognløyve vart levert inn.

I 2013 vart det godkjent 341 nye godsvognløyve, medan 83 løyve gjekk ut. Samla tal for aktive godsløyve i Hordaland ved utgangen av 2013 var 2580, fordelt på 765 føretak. Ved utgangen av 2013 var det registrert 1538 turvognløyve i Hordaland. I løpet av 2013 kom det til 22 nye turvognløyve, medan 22 gjekk ut.




Foto: Trygg Trafikk

## Trafikksikring

Talet på trafikkdrepne på vegane i Hordaland i 2013 er 16, og i tillegg omkom ein person i samband med kryssing av bybanespor (rekna som jernbaneulukke). Det er ein auke i talet på omkomne med 1, samanlikna med 2012, då det var 15 omkomne. Sjølv om talet på trafikkdrepne og skadde i trafikken varierer frå år til år, er trenden både for skadde, hardt skadde og drepne på veg nedover. Sju av dei omkomne forulukka på riksvegnettet. Det er møteulukker og utforkøyringar som dominerer når det gjeld ulukker.

For 2013 var det løyvd 4 mill. kr i fylkesvegbudsjettet til trafikantretta tiltak, disponert av Fylkestrafikksikringsrådet i Hordaland. Av dette er det løyvd ca. 3 mill. kr til trafikantretta tiltak, og 1 mill. kr til trafikksikringstiltak etter søknad frå kommunar og organisasjonar. Av midla til

## Vyar for framtida

Vi skal vere ein god og ansvarleg eigar av fylkesvegane, slik at vi tek vøre på verdiane og utviklar eit trygt og tenleg vegnett for dei køyrande i Hordaland. Nye prosjekt skal gjennomførast etter politisk prioritering og med god prosjektkontroll.

Kollektivsatsinga held fram, slik at vi i åra som kjem fortsett veksten i kollektivtrafikken og andelen av dei reisande som reiser kollektivt. Vi skal bidra til at målet i Klimaforliket, om at veksten i persontransporten skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange, vert nådd. Heilheitlege bymijøvtalar skal auka tilrettelegginga for syklistar og gåande. Ny kollektivstrategi skal handsamast hausten 2014, og vil vere eit viktig styringsverktøy for Skyss sine prioriteringar dei næraste åra.

For skuleskyss og TT-ordninga skal vi syte for at brukarane får sine rettar oppfylt på ein god og effektiv måte. I løpet av 2014 vil Skyss få eit større ansvar for skuleskyssen, for betre å kunne koordinere dei ulike reisetilboda.

trafikantratta tiltak fekk 5 kommunar tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar.

31. oktober 2013 vedtok fylkesutvalet å opprette eit Fylkestrafikksikringsutval (FTU) i Hordaland. Dette erstatter fylkestrafikksikringsrådet. Det nye politiske utvalet be-



Foto: Geir K Lien

står av fem medlemmer, samt konsultative medlemmer frå ulike etatar og organisasjonar som til dagleg arbeider med trafikksikringsaker.

Sidan 2005 har ein hatt ordninga med «Trygt heim» i Hordaland. Ordninga går ut på å tilby kollektivtransport heim for ungdom frå seine eller nattlege arrangement i helgane i distrikta. I 2013 vart det nytta 0,7 mill. kr. til Trygt heim-ordninga. Desse midla har vore fordelt til faste ruter i Bømlo, Granvin, Kvinnherad, Stord, Voss og Ulvik. I 2013 fekk også kommunane i Nordhordland ad-hoc tilskot til ulike arrangement. Samla var det 2700 reisande som nytta seg av denne ordninga i 2013.

## Norges Statsbaner – Persontog

NSB Regiontog på Bergensbanen hadde 1 019 000 reisande i 2013. Dette er ein nedgang på 1,5 % frå 2012. 85 % av toga på Bergensbanen i 2013 var i rute.

Med NSB Lokaltog Bergen-Voss-Myrdal og Bergen-Arna var det 1 630. 000 passasjerar i 2013. Det er 2,7 % fleire enn i 2012. For strekninga Bergen-Arna var 98 % av toga i rute, og for strekninga Bergen-Voss-Myrdal var 84 % av toga i rute.

## Lufttransport

### Bergen Lufthavn, Flesland

Totalt reiste 6 millionar flypassasjerar til og frå Bergen lufthamn, Flesland i 2013. Dette er ein auke på 7,4% i høve til 2012. Talet på innanlandspassasjerar var ca.3,6 mill., ein auke frå 2012 på 1,7%. Talet på utanlandspassasjerar var ca 2,2 mill., ein auke på heile 18,1% frå 2012. Årsaka til den store veksten er fleire nye ruter og auka kapasitet på eksisterande ruter. Talet på offshorepassasjerar var 261 179, ein auke på 9,1% med 18 042 flygingar. Talet på flyrørsler totalt i 2013 gjekk opp med 2,7% til 106 225.

Trafikken ved Bergen lufthamn har hatt ein jamn auke dei siste åra. Dagens terminalbygg vart bygd for å handtere 3,5 millionar passasjerar. Arbeidet med ny terminal på Flesland har strekt seg over heile 2013. Det vesentlege av arbeidet har vore utplanering av terreng. For å betre kapasiteten blir det i 2014 gjort ein del utvidingar, mellom anna vert det bygd eit nytt inngangsparti som vil auka areala til sikkerheitskontroll og innsjekking. Det nye inngangspartiet blir koplingspunkt til den nye terminalen, som etter planen skal stå klart i 2017.

### Stord lufthamn, Sørstokken

Stord lufthamn hadde 30 711 reisande over lufthamna i 2013. Dette er ein auke på 52,1 % frå 2012 til 2013. DAT transporterte 27 906 på flyrutene til Oslo og Molde, medan resten av dei reisande nytta seg av Atlantic Airways si rute til/frå Færøyane og andre charterfly. I 2013 vart det registrert 6 826 flyrørsler på lufthamna. Dette er ein auke på 34,4 %, samanlikna med 2012.

I 2012 fekk lufthamnselskapet 12 mill. kr i driftsstøtte frå staten, og i tillegg kjem den statlege stønaden til tårntenesta (AFIS) på 6 mill. kr.

## Bompengeprosjekt i Hordaland

Bompengeprosjekt i Hordaland	Bompengar mill. kr		Endring i %	Køyretøy		Endring i %
	2012	2013		2012	2013	
Bompengeren i Bergen	395,6	596,8	50,9	54 283 391	53 813 010	-0,9
Osterøybrua	49,4	50,2	1,6	1 100 599	1 120 618	1,8
Trekantsambandet 1)	164	56	-65,9	2 113 698	674 881	-68,1
Rullestadjuvet	22	22,8	3,4	564 499	586 924	4,0
Folgefonntunnelen	16,4	16,5	0,6	235 048	283 448	20,6
E 39 over Stord	22,4	23,7	5,8	919 641	939 227	2,1
Halsnøysambandet	20,8	21,9	5,3	274 400	293 444	6,9
Hardangerbrua 2)	9,8	7,8			266 995	
Hardangerbrua 3)		30			190 340	
Hardangerbrua tot.		37,8		356 209	457 335	28,4
Austevollsbrua	15,8	16,4	3,8	338 235	337 236	1,6
Jondalstunnelen 4)	1,8			111 686		
Jondalstunnelen 5)	2,7			36 168		
Jondalstunnelen tot.	4,5	11,3	151,1	147 854	134 661	-8,9
Voss og Omland Bomp.	74,4	81,6		2 239 380	2 324 893	3,8
Kvam Bompengeselskap	27	27,2	0,7	971 847	897 330	-7,7
Gjermundshavn-Årsnes	5,2	5,1	-1,9	257 587	246 633	-4,3
Bømlo Vegselskap AS 6)		33,6			796 631	
Sum	826	1000,9	21,2	62 705 679	62 906 271	1,8

1) Innkrevjinga for Trekantsambandet vart avslutta 30.april 2013

2) Innkrevd på ferja Bruravik-Brimnes til 17. august 2013

3) Innkrevd av bompengeselskap frå 17. august 2013

4) Innkrevd på ferja fram til og med 7. september 2012

5) Innkrevd i bomsatsjon frå 08. september 2012

6) Bømlopakken starta innkrevjinga 2. mai 2013

Det var ein kraftig auke i bompengeinntektene i Hordaland frå 2012 til 2013, 21,2 %. Den store auken skriv seg i hovudsak frå auken i bompengesatsane i Bergen med m.a. frå kr.15 til kr. 25 for liten bil frå 1. juli 2013, veksten i trafikken etter at Hardangerbrua vart tatt i bruk i august 2013, og inntektene frå Bømlopakken, der innkrevinga starta opp i mai. Eit ferdig nedbetalt Trekantsamband gjorde at innkrevinga vart avslutta 30. april 2013, og dermed vart inntektene frå dette sambandet redusert frå 164 til 56 mill. kr.

### Fylkesveggar

Nokre av dei viktigaste hendingane for fylkesvegane i 2013 var godkjenninga av Askøypakken, gjennomslag i Tyssetunnelen og at innkrevinga av bompengar for Bømlopakken starta opp 2. mai 2013.

Tabellen viser middel som har gått med til fylkesvegane i 2013.

Fylkesveggar (mill. kr)	Rekneskap 2013
Drift og vedlikehald	449
Investeringar (stat, fylke, tilskot, forskot)	776
Investeringar ved bompengar	513
Rassikringsmidlar (stat)	122
Sum fylkesveggar	1 861

### Drift og vedlikehald

Til drift av fylkesvegnettet, som er på om lag 2900 km, gjekk det med ca. 350 mill.kr Gjennom såkalla faste kontraktar med entreprenørane som har ansvar for å sjå til at vegnettet er operativt, vart det utbetalt 275 mill.kr. Til andre driftsoppgåver, til dømes lys og straum på vegnettet, vart det nytta 68,9 mill.kr. På vedlikehaldssida vart det nytta 62,3 mill.kr til vegoppmerking og dekkelegging. Av desse midla vart det lagt ca. 85 km nytt dekke til 51,6 mill.kr. , og vegoppmerking for 10,7 mill.kr. Det er ca. 1000 bruer på fylkesvegane i Hordaland, det vart nytta 22 mill.kr til vedlikehald av desse. Til anna vedlikehald av vegnettet som grøfter, drenering, kantar, murar, tunnelar, skilt mv, er det nytta 20,8 mill.kr.

### Investeringar

Det vart i 2013 investert for om lag 1 401 mill. kr. over fylkesvegbudsjettet. Dei største prosjekter er Ringveg Vest, byggetrinn 2 (429 mill. kr), Tyssetunnelen (216 mill. kr), Kvammapakken (147 mill.kr) og Bømlopakken (72,3 mill.kr).

I 2013 brukte ein 126,6 mill. kr på trafikktryggleiktiltak. Til kollektivtiltak vart det nytta 57,5 mill. kr, og gang- og sykkelvegtiltak, i alt 73 mill.kr. Til rassikring gjekk det med 122 mill. kr. Eddagjelet/Torgilsberget i Ulvik kommune var det store rassikringsprosjekt som vart ferdig i 2013.



# Lengst i Noreg og lengre enn Golden Gate

Hardangerbrua er den lengste hengebrua i Noreg med eit spenn på 1310 meter. Ho er òg 30 meter lenger enn den vidgjetne Golden Gate i San Fransisco.

– Dette er ein fantastisk dag for Hardanger, sa kommunalminister Liv Signe Navarsete då ho klypte snora laurdag 17. august 2013. – For eit fantastisk anlegg, repliserte fylkesordførar Tom-Christer Nilsen.

Rundt 5000 personar deltok i folkefesten. Dei første køyretya som fekk køyre over brua, var ein karavane av 19 veteranbilar. I spissen, ein Buick 1932-modell.

Hardangerbrua har kosta 2,7 milliardar kroner. Om lag 2.100 køyretøy vil passere brua dagleg i gjennomsnitt. Trafikken om sommaren er større enn om vinteren.

Hardangerbrua bind kommunane i Hardanger tettare saman og skapar ein større arbeidsmarknad. Brua kortar ned reisetida mellom Oslo og Bergen og knyter saman to flotte, nasjonale turistveggar, turistveg Hardanger og turistveg Hardangervidda.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

## Kommune-Stat-Rapportering - KOSTRA

Samferdsel	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2010	2011	2012	2013	2013	2013
Del netto driftsutg. for samferdsel i alt av samla netto driftsutg.	36,0	37,7	36,2	37,0	28,4	31,7
Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggjar, samferdsel i alt	3 395	3 730	3 723	3 883	2 698	3 544
Netto driftsutgifter i kr pr. innb., fylkesveggar	868	989	1 027	1 064	1 012	1 428
Netto driftsutgifter i kr pr. innb., bilruter	1 617	1 761	1 764	1 829	765	1 392
Netto driftutgifter i kr pr. innb., sporveggar og forstadsbaner	51	80	67	93	4	..
Netto driftutgifter i kr pr. innb., fylkesveiferger	599	636	598	606	263	..
Netto driftutgifter i kr pr. innb., båtarter	168	167	176	192	441	..
Netto driftutgifter i kr pr. innb., transport for funksjonshemma	93	96	91	98	213	74
Brutto investeringsutgifter i kr pr. innbyggjar, samferdsel i alt	3 760	3 876	4 204	5 038	1 723	2 238
Brutto inv.utg. i kr pr. innb., fylkesveggar	2 629	2 765	2 824	2 857	1 703	1 818
Brutto driftsutgifter i kr pr. km. fylkesveg	145 543	167 777	175 935	184 724	187 460	151 812



# God tannhelse for alle

Tannhelsetenesta i Hordaland skal syte for at tannhelsetenester- inkludert spesialisttenester – i rimeleg grad er tilgjengeleg for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i Hordaland. I tillegg skal tannhelsetenesta arbeide for å betre folkehelsa i eit fleirfagleg samarbeid. Tenestene skal vere av god kvalitet, og oppdraget skal utførast innanfor dei rammene politikarane vedtar for tenesta.

## Organisering

Tenesta er organisert i 6 tannhelsedistrikt, og det nye distriktet på kompetansesenteret har no etter kvart funne si form. Alle spesialitetar er i arbeid, med unntak av to som er under utlysing. Ny klinikksef tar til i stillinga på TKV frå årsskiftet, og ein heilskapleg samarbeidsavtale mellom Institutt for klinisk odontologi ved UIB og Tannhelsetenesta er signert. Dei ytre distrikta gjennomfører strukturelle endringar, med mål å tilby ei teneste av høg kvalitet utført av medarbeidarar i utvikling i eit aktivt fagleg miljø.

**Utfordring:** Å ta vare på og vidareutvikle ein lærande organisasjon.

## Økonomi

Tannhelsetenesta hadde i 2013 brutto driftsutgifter på 305,2 mill. kr. Inntektene var 107,4 mill. kr. Rekneskapen kom ut i balanse, etter at det var inntektsført netto 0,8 mill. kr av fondsmidlar.

Det vert arbeidd med justeringar av budsjetta mellom distrikta i høve til endringar i folketal og oppgåver.

**Utfordring:** Tilpasse økonomiske rammer til endring i folketal og oppgåver.

## Bemanning og rekruttering

Tannhelsetenesta har ved årsskiftet tilsett personell i alle stillingar. Det viser seg at tal søkjarar til stillingar utanfor sentrale strok, er betre for tannlegar enn for tannpleiarar. Utfordringa er ikkje lenger i like stor grad rekruttering som tidlegare, men stabilisering av personell.

**Utfordring:** Stabilisere kvalifisert personell særleg utanfor bynære klinikkar.

## Klinikkstruktur

Tannhelsetenesta har i 2013 opna ny stor klinikk i Norheim-sund, og utvida klinikken på Sørås frå 7 til 10 behandlingsrom.

Fylkestannlegen har sett i gang arbeid med ny klinikkstrukturplan for Hordaland. Planen vil sette mål for korleis tenesta skal kunne ta omsyn til kravet om rimeleg nærleik til tilbodet for pasientane, nye kommunikasjonsmønster og framkomstmidlar, og samstundes leggje til rette for gode fagmiljø og arbeidsplassar som stabiliserer stillingane.

**Utfordring:** Å arbeide mot ein klinikkstruktur som gir eit fagleg godt og stabilt tannhelsetilbod til innbyggjarane i Hordaland.



Foto: Magne Sandnes / Hordaland fylkeskommune

## Tannhelseavdelinga

Fylkestannlegen har arbeidsstad på tannhelseavdelinga. Avdelinga vert leia av seksjonsleiar, og har ein stabsfunksjon for leiarane i Tannhelsetenesta.

Avdelinga har teknisk avdeling med tre tilsette, folkehelse-rådgjevar, IT-rådgjevar, kvalitetskoordinator, seniorrådgjevar samt tilsette som arbeider med personale, løn, fakturaspørsmål, arbeid med nettsida og resepsjonsteneste. Til saman 13 tilsette i 9,6 årsverk.

**Utfordring:** Til ei kvar tid ha rett og naudsynt kompetanse.

### Omfanget av behandling av prioriterte grupper i 2013.

Pasientar ferdigbehandla og under tilsyn.

Gruppe	Samla tal	Tal pasientar undersøkt, ferdigbehandla og under behandling	Tal pasientar med recall-avtale i 2015 eller seinare	Tal pasientar som ikkje møtte eller takka nei	Prosentdel pasientar under tilsyn
Gruppe A	103854	66181	31131	1231	100,4
Gruppe B	1734	1406	129	20	95,0
Gruppe C1	3934	3084	269	55	88,7
Gruppe C2	7593	3564	963	154	63,5
Gruppe D	12409	5991	3251	219	78,4
Gruppe E	1216	581	156	28	63,2


Gruppe A: Barn og unge frå 1-18 år  
 Gruppe C1: Pasientar på institusjon  
 Gruppe D: Ungdom frå 19 – 20 år  
 Gruppe F: Vaksne, betalende pasientar

Gruppe B: Psykisk utviklingshemma personar over 18 år  
 Gruppe C2: Pasientar med heimesjukepleie  
 Gruppe E: Pasientar som er under rusomsorg eller innsette i fengsel


## Tannhelsesdata

Diagramma nedanfor viser kor mange 5-, 12- og 18-åringar i Hordaland som var heilt utan tannrâte og fyllingar.


Prosent 5-åringar med feilfrie tenner i Norge og Hordaland



Prosent 12-åringar med feilfrie tenner i Norge og Hordaland



Prosent 18-åringar med feilfrie tenner i Norge og Hordaland



## Folkehelse

Tannhelsetenesta skal, etter «Lov om tannhelsetjenesten», organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga. I lova står at førebyggjande tiltak skal prioriterast framfor behandling.

Tannhelsetenesta sine tiltak bygger på «Strategiplan for folkehelsearbeid» i tannhelsetenesta, og på samarbeidsavtalar med alle kommunane i Hordaland. Samarbeidsavtalane er signerte med rådmannen på overordna nivå, og med lokale samarbeidsavtalar i tenestoområda: psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjonar og somatisk og psykiatrisk heimesjukepleie. I tillegg er det avtale med sosialtenesta, rusomsorga og barnevernet samt asylmottak.

Alle distrikt lagar plan for tverrsektorielt folkehelsearbeidet, og summerer opp arbeidet i ein årsrapport.

**Utfordring:** Styrke og utvikle det førebyggjande arbeidet i samarbeid med alle kommunar og andre aktuelle aktørar.

## Tannbehandling i narkose

Tannbehandling i narkose til prioriterte pasientar vert utført ved tannklinikane på Haukeland universitetssjukehus og på Stord sjukehus. Totalt vart 166 pasientar behandla i narkose i Hordaland i 2013.

Gjennomsnittleg ventetid for tannbehandling i narkose var om lag fem månader. Pasientar som treng akutthjelp blir prioriterte. Ombygging av tannklinikken på Haukeland-sjukehus førte til stenging av tilbodet i om lag 1,5 månad, og er i hovudsak grunn til auke i ventetid.

## Tilbod til rusavhengige

Brukarane av ettervernssenteret Albatrossen seier seg svært nøgde med tilbodet om vederlagsfrie tannhelsetenester ved tannklinikane i Hordaland. Dette er ei gruppe som etter rusbehandling treng å få rehabilitert tannsettet

## Vyar for framtida

Tannhelsetenesta skal til kvar tid vere ein organisasjon med høg fagleg kvalitet tilpassa pasientane sine behov.

Tannhelsetenesta skal:

- Følgje med i tannhelseutviklinga og gje eit tilpassa tilbod etter behov
- Arbeide for å gje eit stabilt tannhelsetilbod til pasientane
- Tilpasse organiseringa til endringar i oppgåver og samfunnsstruktur

for å kunne vere aktuelle søkjarar på arbeidsmarknaden. Tannhelsetenesta har i 2013 registrert 1216 personar i gruppa rusavhengige og innsette i fengsel.

Utfordring: Gjere tilbodet betre kjent mellom brukarane.

## Bekymringsmeldingar til barnevernet.

Samarbeidsavtalane med Barnevernet har som mål å fange opp barn og foreldre som treng hjelp frå barnevernet. Det vart i 2013 sendt 55 bekymringsmeldingar til Barnevernet frå tannklinikane i Hordaland.

## Kommune-Stat-Rapportering - KOSTRA

Tannhelsetenesta	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2010	2011	2012	2013	2013	2013
Brutto driftsutgifter tannhelse pr. innbyggjar	509	523	530	581	623	644
Netto driftsutgifter tannhelse pr. innbyggjar	388	393	391	419	393	457
Netto driftsutgifter tannhelsetenesta i % av totale netto driftsutgifter	4,1	4,0	3,8	4,0	4,1	4,1
Brutto investeringsutgifter tannhelse pr. innbyggjar	24	29	43	56	15	27
Prioriterte personer, del undersøkt/behandla	60,0	60,6	59,6	59,7	71,7	63,8
Barn og ungdom 3-18 år, del undersøkt/behandla	65,3	65,8	64,7	65,0	76,0	70,4
Ungdom 19-20 år, del undersøkt/behandla	45,9	45,6	44,0	44,0	69,6	50,6
Vaksne betalende, del undersøkt/behandla	5,9	5,3	5,7	5,7	9,1	6,3
Heile befolkninga, del undersøkt/behandla	20,5	20,1	20,0	20,0	26,2	21,7
Avtalte tannlegeårsverk (offentleg og privat) pr. 1000 innbyggjarar	0,94	0,99	0,89	0,99	0,86	0,84
Avtalte tannpleiarårsverk (offentleg og privat) pr. 1000 innbyggjarar	0,19	0,21	0,20	0,21	0,14	0,17
Personer undersøkt/behandla pr. off. avtalt tannlege- og tannpleiarårsverk	636	625	590	573	799	691
Del ledige tannlegestillingar, offentleg tannhelsetjeneste	0,9	0,9	0,8	0,0	0,8	9,1

Betre melderutiner er truleg årsak til auke i tal meldingar frå tannhelsetenesta.

Utfordring: Styrke samhandlinga med barnevernet ved auka kontakt.

## Tannlegevakta i Bergen

Tannhelsetenesta i Hordaland driv tannlegevakta i Bergen. Tannlegevakta er open kvar dag året rundt, og er akutttilbod til pasientar i Bergen med omland. Tannlegevakta har ein viktig funksjon, og profilerer tannhelsetenesta og Hordaland fylkeskommune på ein god måte. Det var 4069 konsultasjonar på tannlegevakta i Bergen i 2013, av desse var 1056 prioritert klientell og 3013 vaksne betalende pasientar

## Nybrottsarbeid

Det vart våren 2013 etablert team ved Stord tannklinik med oppgåve å gi tilbod til pasientar med angst for tannbehandling, eller som har vore utsette for tortur eller overgrep. Odontofobiteamet er organisert som ein del av tilbodet ved kompetansesenteret, og får si faglege opplæring der.

Dei har alt tatt i mot og behandla pasientar tilviste frå klinikane i distriktet, og har overtatt pasientar heimehøyrende i Sunnhordland tidlegare tilviste til Bergen. Dei har utarbeidd brosjyre som er tilgjengeleg hos aktuelle samarbeidspartar.

Teamet er klinikkleiar Diana Henriquez, psykolog Jofrid Bjørke, tannpleiar Irene Bjelland og tannhelsesekretær Liv Tveit Berg.

Utfordring: Etablere same tilbodet i Aust tannhelse-distrikt, lokalisert til Norheimsund.



# Ein synleg fylkeskommune

Arbeidet med å styrkje identitet, internkultur og profilering har halde fram i 2013. Nye tiltak er sett i verk for å følge opp forvaltningsrevisjonen av personalforvaltninga. Sjukefråværet gikk ned i 2013 og gjennom IA-arbeidet vert det satsa på fortsatt nedgang i 2014. Alle nytilsette får no tilbod om introduksjonskurs, slik at dei får den basiskunnskapen dei treng som tilsette i HFK. Det vert satsa stort på nybygg, rehabilitering og utstyr i skulebygga i fylket.

## Hordalending nr 500 000

27. mars markerte Hordaland fylkeskommune at fylket har passert 500 000 i innbyggjartal. Utvikling, vekst og framtid i Hordaland vart tema i fleire media, Noreg sitt største banner (15x37m) vart hengt opp på fylkeshuset, og fylkesordføraren vitja det førstefødde barnet på Kvinneklinikken ved Haukeland universitetssjukehus denne dagen.

## Arbeid med visjon og verdjar

Fylkesrådmannen har i 2013 aktivt teke i bruk visjonen «Vi utviklar Hordaland» og verdiane «kompetent – offensiv – i dialog» for å utvikle organisasjonen. I arbeidet med å styrke felles kultur, har ein teke i bruk «visjon- og verdi-verkstader» i leiar- og medarbeidarutviklinga. Der konkretiserer tilsette kva visjonen tyder i praksis, og korleis verdiane kan vere verktøy som påverkar arbeidsmåtar og val i kvar-dagen. Felles verdjar skal hjelpe organisasjonen til å dra i same retning mot same overordna mål. Arbeidet held fram i 2014.

## Forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga

På oppdrag frå kontrollutvalet vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i Hordaland fylkeskommune hausten 2012/vinteren 2013 av revisjonsfirmaet Deloitte. Føremålet med oppdraget var å undersøke korleis fylkeskommunen arbeider med rekruttering, med å behalde og utvikle arbeidstakarar, samt å avvikle arbeidsforhold der det er naudsynt.

Resultatet av undersøkinga vart lagt fram for kontrollutvalet, toppleiargruppa og dei hovudtillitsvalde i april 2013. Undersøkinga viser at personalforvaltninga i fylkeskommunen fungerer bra på mange område og at innføring av Personalportalen har hatt ei rekkje positive effektar i form av automatisering av rutiner og klargjering av ansvar. Det er likevel behov for forbetringar av Personalportalen og Kvalitetssystemet og av ein del operative rutiner, verktøy og prosedyrer på personalområdet.

Arbeidet med gjennomføring av tiltak med bakgrunn i forvaltningsrevisjonen starta seinsommaren 2013 og er blitt gjennomført som ein kontinuerleg forbetningsprosess. Arbeidet held fram i 2014.




Foto: Geir K Lien


## Sjukefråværet gjekk ned

Det samla sjukefråværet gjekk ned frå 5,7 % i 2012 til 5,5 % i 2013. Reduksjonen ligg i tannhelse og fylkesadministrasjonen, medan det var ein svak auke i dei vidaregåande skulane. Eigenmeldt fråvær held seg stabilt på om lag 0,9 prosent, medan det legemeldte har gått ned to år på rad.


### Sjukefråvær fordelt på kjønn



### Sjukefråvær fordelt på legemeldt eigenmeldt fråvær



### Sjukefråvær fordelt på sektor



## Satsing på inkluderande arbeidsliv (IA)

I tråd med fylkeskommunen sine IA-målsettingar skal alle avdelingar og einingar utarbeide lokale handlingsplanar for HMT og nærværstiltak. Eigenkontrollen for 2012, viste at om lag to tredjedelar av einingane hadde nedfelt slike nærværstiltak i HMT-planen. Omlag like mange hadde hatt IA som tema i det lokale arbeidsmiljøutvalet.

Ei særskilt satsing i 2013 var leiaropplæring i oppfølging av sjukmeldte og bruk av IKT-basert leiarstøtte i oppfølginga, som ein del av Personalportalen. Om lag 300 leiarar fekk slik opplæring. I desember vart det innført ein funksjon for elektronisk rapportering til NAV.

Innanfor tannhelse vart det i 2012 sett i gang eit prøveprosjekt med seniortiltak for tannhelsesekretærer i aldersgruppa 62+. Ei ordning med fridagar eller seniortillegg i løn trådte i kraft frå januar 2013, og vil verte evaluert i byrjinga av 2014.

## Likestilling

Kjønnsbalansen er god på alle nivå i organisasjonen, sjølv om kvinnene sin del av leiarstillingar har gått ned ein prosent frå 2012 til 2013. Ut frå tabellen «Tal på tilsette i Hordaland fylkeskommune 2011 - 2013» kan det synast som om talet på leiarar har gått ned. Det har det ikkje, men i 2011 og 2012 vart personar som har leiartittel men ikkje personalansvar tatt med i oversikta.

## Vyar for framtida

I 2014 vert det sett i verk fleire tiltak som har som mål å styrke organisasjonen og betre tenestene vi leverer.

### Stor satsing på kompetanseheving hos leiarane

Våren 2014 vil første kull av leiarar som byrja i HFK etter 1.1.2012 gjennomføre modul 1 «Grunnpakke» i HFK-leiaraskulen. «Grunnpakke» består av fem dag-samlingar der tema er kunnskap som våre leiarar må ha for å vere gode HFK-leiarar. Eit nytt kull vil starte opp hausten 2014, og det er planlagt eit kurs kvart halvår frametter.

Leiarar som vart tilsett før 1.1.2012 vil få eit tilsvarende tilbod gjennom ei to-dagarssamling anten vår eller haust 2014. Dette tiltaket er ei oppfølging av forvaltningsrevisjonen av personalforvaltninga.

Hausten 2014 vil vi starte opp eit leiarutviklingsprogram for dei som har vore leiarar i HFK i meir enn fem år. Samstundes vil vi kunne gi eit tilbod om leiargruppeutvikling for dei leiargruppene som ønskjer det.

### «Budd på framtida»

Formålet med prosjektet «Budd på framtida» er å kartlegge og vurdere funksjonar, struktur, kompetanse og kapasitet i organisasjonen opp mot dei oppgåvene Hordaland fylkeskommune skal utføre, for å sikre at desse vert gjennomført på ein mest mogleg effektiv måte. Prosjektet vil verte gjennomført i 2014 og 2015. Målet er at aktuelle tiltak skal implementerast i budsjettet for 2015 og 2016.

### Store planer for Voss

Programmeringsarbeidet for nye Voss vgs. er fullført og byggearbeida er venta å starte opp hausten 2014. Prosjektet vil bli utvikla i eit samspel mellom skulen, fylkeskommunen sentralt og entreprenør, noko som er ein ny og spennande måte å tenkje byggeprosessar i HFK. For nybygget på Voss gymnas legg ein opp til ein tilsvarende prosess.

## Ufrivillig deltid kartlagt

Hordaland fylkeskommune gjorde ei kartlegging av ufrivillig deltid i mai 2013, som ei oppfølging av vedtak i fylkesutvalet frå april 2012. Resultatet av undersøkinga viste at 72 % av dei som arbeider deltid er nøgde med stillingsprosenten sin, medan 28 % ønskjer seg ein større stillingsprosent, helst heil stilling.

Kartlegginga viste vidare at størstedelen av dei som arbeider deltid - 78 % - er tilsett i vidaregåande skule medan 15 % er tilsett i tannhelsetenesta. Omlag 77 % av dei som arbeider deltid er kvinner.

I samband med forvaltningsrevisjonen av personalforvaltninga i fylkeskommunen, utført i 2012/2013, er det retta eit særskilt fokus på ufrivillig deltid. Arbeidet med å få ned talet på ufrivillig deltid i fylkeskommunen, vil difor bli prioritert frametter gjennom ulike tiltak.

## Introduksjonskurs for nytilsette

I september 2013 starta HFK opp med introduksjonskurs for nytilsette. Kurset vil bli arrangert to gongar kvart år og skal gi alle nytilsette i heile fylkeskommunen ei innføring i basiskunnskap om HFK; om samfunnsoppdraget, om visjon og verdiar, om rettar og plikter som tilsett m.m. Kurset fokuserer på kva som er felles for tilsette i alle avdelingar/einingar og set dermed den enkelte sin jobb inn i eit vidare perspektiv.

Det er òg viktig at nytilsette vert kjente med leiinga i fylkeskommunen. Det er difor lagt opp til brei deltaking frå topp-leiinga som førelesarar på kurset. Ikkje minst er det viktig at dei nytilsette kan bli kjente med kvarandre på tvers av einingane.

Det første kurset samla omlag 200 deltakarar. Det er stipulert med omlag 300 nytilsette i HFK kvart år, dei fleste innanfor skulesektoren.

## Førebyggjande HMT-arbeid

Verktøy for risikovurdering vart revidert og godkjent. Verktøyet vart i revisjonen utvida særskilt ut frå forskrift nr. 1357 om utføring av arbeid. Som ei oppfølging av Arbeids-tilsynet sin kampanje «Bruk av arbeidsutstyr», iverksette HMT-seksjonen tiltaket «Nytt verktøy, kurs og informasjon» i samarbeid med Opplæringsavdelinga og fagutvalet for bygg og anlegg. Det vart gjennomført eit tverrfagleg støyprosjekt basert på kartlegging og registrering av støysoner. Dette inneber systematisk helsekontroll av risikogrupper i skulen. 14 skular har vore involverte i prosjektet i 2013.

## Arbeidsmedisinsk poliklinikk

Etter at HMT-seksjonen har fått godkjenning som bedriftshelseteneste fram til mars 2018 har ein etablert ein arbeidsmedisinsk poliklinikk. Klinikken blei oppretta slik at det no er mogleg for tilsette å få time hos bedriftslegen for utgreiing av arbeidsrelaterte problemstillingar.

## Etikk som tema

Dei etiske retningslinjene i fylkeskommunen gjeld både tilsette og folkevalde, og omhandlar mellom anna habilitet, gåver/fordelar og varsling. I 2013 har etikk vore tema mellom anna ved introduksjon av nytilsette og i samband med selskapskontroll og eigarskapsforvaltning. Arbeidet med å sikre etiske gode haldningar og handlingar i organisasjonen, vil bli vidareført i 2014, til dømes i satsinga på leiaropplæring og leiarutvikling gjennom HFK-leiaraskulen.



Hordaland fylkeskommune meldte seg i 2013 inn i organisasjonen Transparency International. Som medlem i organisasjonen, forpliktar Hordaland fylkeskommune seg til å praktisere nulltoleranse for korrupsjon i all si verksemd.

## Beredskapsplan

I november 2013 arrangerte Fylkesmannen «Øving Hordaland 2013», ei stor beredskapsøving der Hordaland fylkeskommune deltok. «Øving Hordaland» var ei skrivebordsøving, der føremålet var å øve organisasjonen på eit scenario om brann på ein vidaregåande skule på Voss. Siviltforsvaret var tilstades som observatørar.

«Øving Hordaland 2013» var ein god gjennomgang av beredskapsplanverket og beredskapsorganisasjonen i Hordaland fylkeskommune. Observatørar og deltakarar gav gode tilbakemeldingar, både på forbetningspunkt og anna som fungerte bra. Erfaringane frå øvinga skal brukast inn i evaluering og rullering av beredskapsplanverket i Hordaland fylkeskommune.

## Ungdommens fylkesting og -utval

Administrasjonsseksjonen overtok i 2013 ansvaret for drifta av Ungdommens fylkesting (UFT) og Ungdommens fylkesutval (UFU). Sekretariatsfunksjonen for UFU vart slått saman med sekretariatsfunksjonen for Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne og Fylkeseldrerådet frå hausten 2013. I desember 2013 vedtok fylkestinget eit eige mandat for Ungdommens fylkesting/ Ungdommens fylkesutval.

## Ny løysing for saksbehandling og arkiv

Store deler av 2013 gjekk med til førebuingar for å ta i bruk nytt sak- og arkivsystem, ePhorte, i Hordaland fylkeskommune. Systemet vart i første omgang teke i bruk av alle som før nytta løysinga DocuLive. Planen er at løysinga skal innførast for alle resterande skular og tannklinikkar i løpet av 2014.

Det vart halde kurs for tilsette i organisasjonen gjennom heile sommaren, slik at alle skulle vere klar til å ta i bruk det nye systemet. I tillegg vart det jobba med tilrettelegging for ny måte å klargjere og sende ut politiske saker. Direkte gevinstar er elektronisk godkjenning og mindre bruk av papir. Den nye løysinga gjer at vi enkelt kan knytte til skjemaløysingar og elektronisk datautveksling med andre offentlege institusjonar, for å gje tilsette og innbygarane i Hordaland nye moderne løysingar for saksbehandling.

## Styrking av innkjøpsområdet

Arbeidet med å styrke innkjøpsområdet, etter forvaltningsrapporten i 2011, har halde fram i 2013. Tidleg på året vart

det vedteke to nye styrande dokument som presiserer «Mål og strategiar» og «Roller, ansvar og oppgåver i innkjøpsfunksjonen». Arbeidet med å utvikle kontraktsstyringsverktøyet og bestillingssystemet «FINS», har vore prioritert. For å styrke kompetansen, er det gjennomført opplæring for innkjøpsansvarlege og andre.

Ei større innkjøpsanalyse med oversikt og nøkketal for den einskilde eininga er gjennomført. I tillegg er viktige arbeidsprosessar dokumenterte og standarddokument og malar er utarbeidde. Ein er godt i gang med etablering av ein meir koordinert plan for dei ulike innkjøpa som skal gjennomførast. Dette, saman med dei ulike verktøya og fagmiljøet som dei innkjøpsansvarlege no utgjer, vil vere eit godt utgangspunkt for å styrke innkjøpsarbeidet ytterlegare i 2014.

## Eigedomsforvaltning

Totalt areal for den samla eigedomsmassen til Hordaland fylkeskommune er om lag 430 000 m<sup>2</sup> med tillegg av leigeareal på om lag 30 000 m<sup>2</sup>. Dette er i hovudsak skular, tannklinikkar, kulturhus, kollektivbygg og administrasjonsbygg.

### Storsatsing på skular

Fylkeskommunen investerar no om lag 500 mill. kr årleg innan opplæringssektoren i nybygg, rehabilitering og utstyr. Den nye skulen Amalie Skram vidaregåande skole, midt i Bergen sentrum, nærmar seg slutføring og vert klar for bruk hausten 2014. Ein satsar òg stort på eksisterande skular. På Årstad vgs. er det til dømes investert for 95 mill. kr i 2013.

### Universell utforming

Fylkeskommunen har tilgjenge for alle, også i eksisterande bygg, som eit uttalt mål. I 2013 nytta ein omlag 25 mill. kr på ulike tiltak, for å nærme seg dette målet. Det nasjonale målet er at alle offentlege bygg innan 2019 skal ha universell utforming. Fylkeskommunen ligg godt an til å kunne nå dette målet.

### Satsing på Enøk og miljø

Fylkeskommunen har i løpet av 2013 kartlagt energibruk i eksisterande bygg og har som mål vidare reduksjon i energibruken. Som eit ledd i denne satsinga, har ein og gjort store investeringar i 2013, mellom anna på Fyllingsdalen vgs. og Os vgs.

### Helseverngodkjenning

Hordaland fylkeskommune prioriterar helseverngodkjenning av skulelokale, slik at det er gode arbeidstilhøve for elevar og lærarar. For å klare dette jobbar ein systematisk med rehabilitering av bygg og inneklimatestallasjonar. Ved inngangen til 2014, er litt over halvparten av skulane helseverngodkjente.

### Ny og utvida tannklinikk på Årstad

Fylkeskommunen har i 2013 investert stort i nye og utvida lokale for Årstad tannklinikk i Bergen. Klinikken vil stå ferdig i starten av 2014 og vil bli den største tannklinikken i fylket.

# Hordalending nummer 500.000



Foto: Arild Sondre Sekse

Ho heiter Mathilde og kom til verda 37 minutt over midnatt, onsdag 27. mars 2013 på Kvinneklubben i Bergen. Barnet vil for alltid ha hangande ved seg at ho vart innbyggjar nr 500.000 i Hordaland. Dei nybakte foreldra, Anne Heidi Kringlen og Geir André Troland, fekk vitjing av fylkesordførar Tom-Christer Nilsen som gratulerte og overrekte ein pose full av presangar: To drakter med påskrift «Eg er hordalending nummer 500.000», eit sølvkrus og ein gåvesjekk på 5000 kroner.

– Det er kjekt, men rart og uvanleg å få så mykje merksemd, seier Anne Heidi Kringlen og Geir André Troland. Jentebabyen vog 3940 gram og målte 54 cm.

Dette er første barnet til paret som bur på Nesttun i Bergen. Mor kjem frå Naustdal, mens far vaks opp i Fyllingsdalen.

Fylkesordførar Tom Christer Nilsen ser utfordringane med den sterke veksten i folketalet i Hordaland i åra framover.

– I løpet av dei neste 15 - 20 åra kjem vi til å bli 150 000 fleire innbyggjarar i fylket. Ein så sterk vekst skaper utfordringar, ikkje minst innan infrastruktur, men òg store mulegheiter nettopp fordi vi får ein folkesetnad som gjev grunnlag for ei rekkje tilbod vi ikkje har i dag, seier fylkesordføraren.

## Tilsette

Tal på tilsette i Hordaland fylkeskommune	2011	2012	2013
Totalt fylkeskommunen	4 647	4 691	4673
Kvinner	2 656	2 654	2707
Menn	1 991	2 037	1966
Sektorvis fordeling:	2011	2012	2013
Fylkesadm./andre	615	700	655
Kvinner	289	327	314
Menn	326	373	341
Opplæring	3 630	3 629	3661
Kvinner	2 007	2 003	2064
Menn	1 623	1 626	1597
Tannhelse	402	362	383
Kvinner	360	324	345
Menn	42	38	38
Årsverk:	2011	2012	2013
Hele fylkeskommunen	4 092	4 023	4126
Kvinner	2 249	2 224	2326
Menn	1 843	1 799	1800
Administrative årsverk			197
Sektorvis fordeling:	2011	2012	2013
Fylkesadm./andre	578	595	613
Kvinner	267	278	289
Menn	311	317	324
Opplæring	3 220	3 139	3206
Kvinner	1 722	1 688	1764
Menn	1 498	1 451	1442
Tannhelse	292	289	307
Kvinner	259	258	273
Menn	33	31	34
Tilsette i deltidsstillinger	2011	2012	2013
Totalt i fylkeskommunen	1 774	1 884	1698
Kvinner i deltidsstillinger	1 237	1 333	1180
Kvinner i deltidsstillinger (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	46,60%	48,30%	42%
Menn i deltidsstillinger	537	551	518
Menn i deltidsstillinger (% av alle menn i fylkeskommunen)	27,00%	26,20%	25,40%

Likestillingsbarometer per. 31.12.2013	Kvinner	Totalt
Opplæring		
Rektorar i vgs	18	45
Ass. rektorar i vgs	20	43
Tannhelsetenesta		
Fylkestannlegen si leiargruppe inkl. overtannlegane	6	8
Klinikksjefar	13	21
Fylkesadministrasjonen		
Avdelingsleiarar	3	8
Stabs-/seksjonsleiarar	12	28
Skyss og Bybanen utbygging		
Leiarar/mellomleiarar	4	13

Tilsette i leiande stillingar	2011	2012	2013
Kvinner	170 (47,0 %)	182 (47,0 %)	148 (46,1 %)
Menn	192 (53,0 %)	206 (53,0 %)	173 (53,9 %)
Prosentfordeling tilsette fordelt etter kjønn	2011	2012	2013
Kvinner	57,20%	56,7	2721 (57,9 %)
Menn	42,80%	43,3	1979 (42,1 %)



# Hordaland fylkesting

## Tre frå fylkestinget til Stortinget

Ved Stortingsvalet hausten 2013 vart tre medlemmer i Hordaland fylkesting valde inn på fast plass i Stortinget. Dei tre var Torill Eidsheim (Høgre), Ruth M. Grung (Arbeidarpartiet) og Helge André Njåstad (Framstegspartiet).

Ved valet 13. september vart fordelinga av dei 16 representantane for Hordaland, inkludert eitt utjamningsmandat, slik: Arbeidarpartiet 4 (- 1), Sosialistisk Venstreparti 1, Senterpartiet 1, Kristeleg Folkeparti 1, Venstre 1 (+ 1), Høgre 6 (+ 3), Framstegspartiet 2 (- 2). Talet på representantar for Hordaland var ved dette valet auka med ein.

Valdeltakinga i Hordaland var 80,4 % i 2013, opp frå 78,3 % ved valet i 2009. Valdeltakinga var den høgaste sidan 1985 då ho var 83,2 %.

Av dei 16 stortingsrepresentantane for Hordaland i perioden 2013-17 har sju vore medlemmer i fylkestinget. Det gjeld tre i høgregruppa – Øyvind Halleraker, Torill Eidsheim og Sigurd Hille. Vidare Gjermund Hagesæter og Helge André Njåstad frå Framstegspartiet, Ruth Grung, Arbeidarpartiet, og Kjersti Toppe, Senterpartiet.

## Nye medlemmer i fylkestinget

John Opdal (Høgre), Inger Johanne Seim (Arbeidarpartiet) og Gunnar Bakke (Framstegspartiet) kom inn som nye medlemmer i Hordaland fylkesting då Eidsheim, Grung og

Njåstad vart stortingsrepresentantar. I fylkesutvalet vart Marte Malones ny medlem for Arbeidarpartiet og Sigbjørn Framnes for Framstegspartiet.


Morten Storebø (Høgre) vart politisk rådgjevar i Nærings- og handelsdepartementet etter regjeringsskiftet. Silja Ekeland Bjørkly (Høgre) er fast medlem i fylkestinget i den perioden Storebø har permisjon.

Hans Nyvold Kjellby (Høgre) gjekk ut av fylkestinget frå 1.1. 2013 då han flytta frå fylket. Neshe Lie kom då inn som fast medlem. Elisabeth Næverlid Sævig vart frå 1. september i 2013 ny medlem i fylkestinget for Kristeleg Folkeparti. Ho erstatta Vegard Ask som flytta frå fylket.

David Beckham (Arbeidarpartiet) har permisjon frå fylkestingsvervet til 1.7.2014 og Øyvind Hardeland er inne i hans stad.

## Saker i dei politiske organa

	2010	2011	2012	2013
Fylkestinget	81	86	95	89
Fylkesutvalet	281	254	316	292
Kultur- og ressursutvalet	97	112	136	134
Opplærings- og helseutvalet	80	54	68	71
Samferdselsutvalet	83	75	89	94
Kontrollutvalet	47	35	61	43



Folkesamling ved opning av Hardangerbrua 17. august 2013. Samferdselsprosjekt skapar ofte stort politisk engasjement.  
Foto: Bjørn Erik Larsen, Bergens Tidende



# Hordaland






# Organisasjonskart


## Politiske organ

Hovudtrekka i den politiske styringsstrukturen som gjeld for Hordaland fylkeskommune.



## Administrativ hovudstruktur

Hovudstrukturen i fylkesadministrasjonen har to stabsavdelingar og fem fagavdelingar. Kvar avdeling er inndelt i seksjonar i tråd med ansvarsområde og oppgåver.







Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Mars 2014